


# PLANSKILDRING KOMMUNEDELPLAN FOR DALE 2015 – 2027



Vedteken plan. Sak K 76/15 07.09.15



# INNHOLD

PLANSKILDRING KOMMUNEDELPLANEN FOR DALE 2015 - 2027 .....	1
INNHOLD .....	2
PLANPROSESS .....	3
Organisering .....	3
Medverknad .....	3
RÅMER FOR PLANARBEIDET .....	4
Plan og bygningslova .....	4
Naturmangfaldslova .....	4
Folkehelse .....	5
ROS-analyse .....	5
Anna kunnskapsgrunnlag .....	6
HOVUDTREKK VED FØRESLEGEN AREALBRUK .....	7
Natur og landskap .....	7
Gravstad .....	8
Sentrumsutvikling .....	10
Bustadføremål .....	11
Arealrekneskap - langsigkt strategi for utbygging i Dale .....	13
Omsynssoner .....	13
Omsyn grøntstruktur H540 .....	14
Omsyn landskap H550 .....	14
Bevaring naturmiljø H560 .....	14
Bandlegging etter lov om kulturminne H730 .....	14
Bevaring kulturmiljø H570 .....	15
Sikringssone H120 .....	16
Faresone H310 Ras- og skredfare .....	16
Faresone H320 Flaumfare .....	16
KONSEKVENSUTGREIING (KU) .....	17
Innspel .....	17
Metode .....	20
Utgreidde område: .....	22
BUSTADFØREMÅL BJERGA (B3 og B4) .....	22
BUSTADFØREMÅL STOREHAUGEN/SMEFJELLET .....	24
BUSTADFØREMÅL FJELLVEIEN (11) .....	26
BUSTADFØREMÅL KIRKEÅSEN (B6) OG OMRÅDE MELLOM LONGEHOJEN OG BEKKEDALEN (B5) .....	28
BUSTADFØREMÅL NEDRE STEIA (B7) .....	30
BUSTADFØREMÅL STRANDSONA DALE NORD (B10) .....	32
BUSTADFØREMÅL ØVRE DINGEMOEN (B8) .....	34
MASSEUTTAK DINGEMOEN .....	36
ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - NAUST OG KAIHUS .....	39
ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - NAUST OG KAIHUS FALCHFJÆRA .....	41
ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - NAUST, BJERGA NA6 .....	43
ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - POSTVEGKAIA .....	45
OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING SENTRUM (T1) .....	47
OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING ØVRE DINGEMOEN (T2) .....	49
KOMBINERT BYGGE OG ANLEGGSFØREMÅL - VOLLAMYRA (T/B) .....	51
KOMBINERT BYGGE OG ANLEGGSFØREMÅL DINGEMOEN (T/F/B) .....	54
SENTRUMSFØREMÅL SENTRUM .....	57
SENTRUMSFØREMÅL SENTRUM AUST (SF 4) .....	60
SENTRUMSFØREMÅL STRANDSONA SENTRUM (SF3) .....	62
SENTRUMSFØREMÅL TROSSEFJØRA (SF2) .....	65
SENTRUMSFØREMÅL STRANDSONA AUST (SF1) .....	67
SENTRUMSFØREMÅL VEVANG .....	69
GRAVSTAD ØYRA .....	71
GRAVSTAD VOLLAMYRA .....	74
GRAVSTAD MOLDBAKKANE .....	77
GRAVSTAD DINGEMOEN .....	79
Samla konsekvensutgreiing .....	83

# PLANPROSESS

## Organisering

Det vart vedtatt oppstart av rullering av kommuneplanens arealdel, samfunnsdel og kommunedelplanen for Dale i 2012. Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteke 10.02.2014. Samfunnsdelen gjev overordna føringer for arealdelen og kommunens kommunedelplanar. Arbeid med kommunedelplanen for Dale vart påbyrja i slutten av 2012. Det var satt ned ei arbeidsgruppe bestående av fem politiske og eit administrativt valt medlem, samt to frå administrasjonen (arealplanleggarar) som har vore sekretærar og prosjektleiarar for arbeidet. Arbeidsgruppa har hatt 25 møter dei siste tre åra. Planutkast har vore framlagt og diskutert i Planforum ved to anledningar – 12.11.14 og 25.02.15. Planskildringa, konsekvensutgreiingane, føresegnene og ROS-analysa er utarbeidd av prosjektleiarane med god hjelp og kvalitetssikring av kommunens rådmann, teknisk sjef, kultursjef og folkehelsekoordinator. Kartet er produsert av Sweco.

## Medverknad

Våren 2013 vart det avholdt workshop for formannskapet i samband med rullering av dei tre kommuneplanane.

Våren 2013 vart det avholdt folkemøte med kafeverkstad og innsamling av innspel til dei tre kommuneplanane på tre ulike stader i kommunen

Frå våren 2013 og fram til d.d har det vore mogleg for alle innbyggjarar å kome med innspel pr mail, brev, og elektronisk skjema

Våren 2014 vart det informert om og avholdt ein workshop om kommunedelplanane med ungdommens kommunestyre

Våren 2014 vart det informert om arbeid med kommunedelplanen og avholdt ein workshop på frukostmøte for næringslivet i Dale

Våren 2014 vart det arrangert open landskapsvandring i samband med kommunedelplanen for Dale.

Hausten 2014 vart det arrangert folkemøte med føredrag av konsulentar involvert i kommuneplanarbeidet, samt presentasjon og gruppearbeid kring førebels planutkast:

- Økologisk landskapsstudie av Dale ved økolog Christian Mong
- Trafikkanalyse for Dale ved Jørgen Sandø, SWECO
- Stadutvikling og demokratisk arkitektur ved Mona Elisabeth Steinsland, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Presentasjon av framlegg til ny kommunedelplan ved leiar av arbeidsgruppa Odd Helge Aase

# RÅMER FOR PLANARBEIDET

## Plan og bygningslova

Gjeldande planlov (PBL 2008) trådde i kraft 1.juli 2009. Lova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for bruk og vern av ressursar.

Kommuneplanen i sin heilskap skal utarbeidast etter reglane i plan- og bygningslova. I tillegg må det takast omsyn til sektorlover, samt nasjonale- og regionale retningsliner. Det vil mellom anna vere statlege planretningsliner, rikspolitiske retningsliner (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar, rundskriv og fylkesdelplanar.

Dei viktigaste endringane i kommuneplanens arealdel frå den gamle planlova er:

- Kommuneplanens arealdel (kpa) har ny inndeling av føremål i høve til tidlegare, og skil klårare mellom hovudformål og underformål. Hovudformåla er felles for både kommuneplan og reguleringsplan.
- Omsynssoner er innført som nytt element. Plankartet skal vise soner med særlege omsyn og restriksjonar for korleis areala kan brukast.
- Innhaldet i omsynssonene kan presiserast gjennom retningsliner og føresegner.
- Det er innført to typar reguleringsplanar: Områderegulering (offentlege planar) og detaljregulering.

Kommunedelplanen for Dale er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova kapittel 11 og omfattar planskildring med konsekvensutgreiing, plankart med tilhøyrande føresegner og retningslinjer, samt ei ROS-analyse. Plankartet er utarbeidd i samsvar med nye arealformål og etter gjeldande teiknereglar.

## Naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova: lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen og vart godkjent i statsråd 3. april 2009. Lova gir styresmaktene plikt til å vurdere tiltak dersom natur er trua, og har som kanskje viktigaste oppgåve å stanse tapet av biologisk mangfald (naturmangfaldet). Lova gjeld både på land og på sjøen. Naturmangfaldslovas §7 seier at vedtak som berører naturmangfaldet alltid skal grunngjenvært og at prinsippa i §§8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet, tildeling av tilskot, og forvalting av fast eigedom. Det vil sei at naturmangfaldlova kapittel II skal vurderast i samband med kommuneplanens arealdel og ny kommunedelplan. For kommunedelplanen er §§ 8-12 tillagt særskild vekt i konsekvensutgreiingane.

Kunnskapsprinsippet (nml § 8) handlar om kravet myndigkeitene har til å legge til grunn og innhente kunnskap om naturmangfaldet når ein tek avgjersle som berører dette naturmangfaldet. I samband med kommunedelplanen har kommunen innhenta ekstra kunnskap om det økologiske mangfaldet i Dale som i hovudsak påverkar arealbruken ved Dalselva. Det er også henta inn fagkunnig uttale om kvartærgeologien på Dingemoen. For øvrige område er det ikkje vurdert å vera naudsynt med meir kunnskap enn den som er tilgjengeleg i dei normalt brukte databasane (sjå metode for konsekvensutgreiing).

Når eit tiltak er vurdert etter nml. § 8 og er funne til ikkje å påverke naturmangfaldet vil det ikkje bli utgreidd nærare etter prinsippa i nml. §§ 9-12.

Føre-var-prinsippet (nml § 9) handlar om at kunnskapsgrunnlaget om naturmiljøet må vere tilstrekkelig til å vurdere verknadene av eit tiltak på naturmangfaldet. Føremålet er å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning (nml § 10) har til hensikt å vurdere samla belastning av eit eller fleire tiltak/inngrep på eit økosystem.

Prinsippet om at kostnadene ved miljøforulemping skal bæres av tiltakshavaren (nml § 11) tilseier at « tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltakets og skadens karakter».

Formålet med prinsippet om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (nml § 12) er at forvaltninga skal finne fram til løysingar som er til det beste for samfunnet.

I tillegg er det i lova § 6 vist til generell akt som plikt som er særleg relevant for bruk eller tiltak som ikkje krev mynde frå myndigheitene. Akt som plikt pålegg einkvar å ta omsyn og gjere det som med rimelighet kan ventas for å unngå skade på naturmangfaldet jamfør forvaltingsmåla i §§ 4 og 5.

## Folkehelse

Den nye folkehelselova som vart sett i verk 1.januar 2012 har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som skal fremje folkehelse og jamne ut sosiale skilnader. Kommunen skal sikre folkehelsearbeidet ved å legge til rette for å fremje helse, trivsel og redusere faktorar som har negativ innverknad. Desse prinsippa er forankra i kommuneplanens samfunnsdel og forsøkt integrert og ivaretatt i heile kommunedelplanen. Kommunens strategiplan for folkehelse er lagt til grunn for dette arbeidet. Det er særleg tre tiltak i strategiplanen som er løfta fram i kommunedelplanen:

- *Sikre attraktive friluftsområde for å førebyggje livsstilsjukdommar*

I plankartet er det lagt opp til fleire friområde og grøntareal som beskrive under natur og landskap. Desse områda er viktige for moglegeitene til rekreasjon og aktivitet i nærmiljøet til innbyggjarane

- *Arbeide for å sikre trygge lokalsamfunn*

I samband med kommunedelplanen er det utarbeidd ei trafikkanalyse som skal ligge til grunn for områdereguleringane og for trafikktryggleiksplanen.

- *Fokus på ungdom si fritid og sosiale møtestader*

Fokusområdet er ivaretatt gjennom å avsette areal til idrettsanlegg, areal til grøntstruktur, friområde med volleyballbane og uformelle møtestader og almenningar i sentrum.

Det er lagt opp til tre ulike bustadstrukturar, samt eige område for omsorgsbustader i Dale for å dekka behova til ulike grupper blant innbyggjarane. Samla sett er dei bustadsosiale tilhøva ivaretatt i kommunedelplanen.

## ROS-analyse

Det er utarbeidd ei overordna ROS-analyse for kommunen (vedtatt 2014) etter civilbeskyttelseslova og ei eiga ROS-analyse for kommunedelplanen etter plan og bygningslova § 4-3.

## **Anna kunnskapsgrunnlag**

I samband med tildeling av tettstadmider og arbeidet med kommunedelplanen for Dale har det vore bestilt og utarbeidd ny dokumentasjon over tilhøva i Dale som har lagt til grunn for val og prioriteringar i planen.

**Økologisk landskapsanalyse.** På oppdrag frå kommunen har økolog Christian Mong utarbeidd ei økologisk landskapsanalyse over Dale. Ferdigstilt 08.09.14

**Trafikkanalyse.** På oppdrag frå kommunen har SWECO utarbeidd ei kvalitativ trafikkanalyse over Dale sentrum. Ferdigstilt 01.02.15

**Stadanalyse.** I samband med oppstart av eit stadutviklingsprosjekt for Dale vert det internt utarbeidd ei stadanalyse over Dale som blir ferdigstilt våren 2015

**Innspel til kommunedelplanen for Dale** frå Sivilarkitekt Mona Steinsland ved Sogn og Fjordane Fylkeskommune Ferdigstilt 23.02.15

Det har også vore gjennomført fleire synfaringar og arbeidsmøter i samarbeid med ekstern ekspertise som har bidratt til å klårgjere tilhøve og verdiar i Dale. Nokre synfaringar har vore opne for publikum og nokre har vore tverrfagleg representert.

11.11.13 Synfaring i Dale sentrum, Dingemoen og det store landskapet rundt, (Einehaugane/Dalsåsen og Bjergeneset) med: Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune, Mona Steinsland, sivilarkitekt Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

18.06.14 Open landskapsvandring og synfaring med Økolog Christian Mong, Sivilarkitekt Mona Steinsland, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, fleire politikarar frå arbeidsgruppa og interesserte innbyggjarar samt, Connie Hovland, Siren Juliussen, Ingeborg Opdøl Tysnes, Edvin Bøthun, Fjaler Kommune, og Margrethe Reiseter, Frivilligsentralen.

03.11.14 Synfaring av trafikkbildet i Dale sentrum med Jørgen Sandø, Sweco, Siren Juliussen, Connie Hovland og Ingeborg Opdøl Tysnes, Fjaler kommune.

19.11.14 Synfaring av Dale sentrum og arbeidsmøte med fokus på allmenningar og blå-grøne strukturar, med Christian Mong, økolog, Mona Steinsland, sivilarkitekt Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Jørgen Sandø, Sweco, Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune.

04.02.15 Synfaring av kulturmiljø i Dale med Arlen Bidne og Knut Ivar Åland, kulturavdelinga Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Siren Juliussen, Connie Hovland og Ingeborg Opdøl Tysnes, Fjaler kommune.

Februar og mars 2015 Synfaring av elver og bekker i Dale. Siren Juliussen og Connie Hovland, Fjaler kommune.

# HOVUDTREKK VED FØRESLEGEN AREALBRUK

## Natur og landskap

For å avgjere kva område som er tenelege til utbygging og utvikling og kva område som er verdifulle landskap har ein laga ei konseptuell analyse av Dale. I grove trekk viser denne at dei mørk grøne områda utgjer det store landskapet kring Dale og er ikkje eigna for utbygging. Dei lysegrøne områda er viktig kultur- og naturlandskap og bør i minst mogleg grad byggast ut. Eventuelle tiltak i området bør utformast etter stadegne premissar. Dei gule områda er eigna til fortetting og bustadutbygging, men det er viktig å ivareta særtrekk og grøne strukturar også innanfor desse områda. Den røde sona er i stort grad eigna for utvikling og fortetting. Det røde området er som ei tenande sone i Dale der hovudtyngda av aktivitet og offentleg og privat tenestytting føregår.




Fig. 1. Konseptuell landskapsanalyse.

I høve naturtypar og naturmiljø som bør skjermast for utbygging/tiltak så er det utført ei landskapsøkologisk analyse for Dale som framhevar Dalselva og elvebredden/elvedeltaet som det mest verdifulle området ein har i Dale.

I kommunedelplanen er det avsatt eit større område til grøntstruktur ved utløpet og på vestsida av Storelva, med ei omsynssone for bevaring av naturmiljø 10 meter langs begge sider av elva. Dette er for å sikre eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjev levestad for planter og dyr langs vassdrag med årssikker vassføring jamfør vassresurslova, samt for å ivareta omsynet til den verdifulle og stadeigne økologien langs elva, samt sikre tilstrekkeleg areal til rekreasjon, friluftsliv, fysisk aktivitet og oppleving, samt andre ållmenne interesser langs elva. Av same årssak er det satt ei minsteavstand på 10 meter frå vatn og

vassdrag for nye tiltak i nye og eksisterande byggeområde. Då det er eksisterande byggeområde fleire stader langs både Hatledals/Steielva og Storelva vert ikkje byggegrensa sett høgre, men der elvene er flaumutsatte kan minsteavstanden kome til å auke etter nærmare foresonekartlegging. Langs elva går det ein sentrumsnær sti, elvestien, som er eit viktig folkehelsetiltak i Dale. Grøntområda på Øyra og langs elva kan med fordel programmerast til å auke bruken og opplevingsverdien av området og dermed også folkehelseeffekten. Slik tilrettelegging må skje med omsyn til vegetasjonen og naturverdiene i området.

Blågrøne strukturar er generelt viktige å ivareta, men berre nokre er sikra med grøntstruktur i kartet. I tillegg til Storelva er det lagt grøntstruktur langs bekken i Sentrum som renn ut i Falchfjøra og langs Hatledalselva på Vollamyra. Andre bekkar og elver innafor planområdet er framheva og markert med ei omsynssone for flaumfare.

Eit viktig friluftsområde for Dale er Badevika aust ved Yksnebjør. Her er det langrunn fjøre, naust og volleyballbane.

Det er også utvida eit område i sentrum, ved Tross/Trossefjøra til grøntsstruktur. Dette for å sikre nok grøne areal til opphold og rekreasjon for befolkninga i den mest utbygde delen av Dale, og for å sikre gode vilkår for fugleliv i strandsona i sentrum.

På Steia er det ynskjeleg å bevare jordbrukslandskapet i størst mogleg grad ettersom garden Steia har historisk verdi for Dale og det opne grøne landskapet er eit viktig sær preg for Dale. Området er difor avsatt til LNF, med deler underlagt omsynssone for kulturmiljø.

Heile Bekkedalen er avsatt til grønstruktur då det er eit viktig naturområde til leik og aktivitet for born og unge. Øvst i Bekkedalen over Kirkeåsen er det lagt ei omsynssone for grøntstruktur for å oppnå ein samanhengande grøn korridor frå elv til ås.

Øvre Dingemoen: Som landskapselement utgjer Øvre Dingemoen ein vesentleg del av dalføret i Dale. Området er del av eit breelvdelta 47 moh avsatt under siste istid. Landforma er i dag transformert og prega av masseuttak fleire stader. Øvre Dingemoen er registrert som eit kvartærgeologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane i ein utredning for Direktoratet for Naturforvaltning. Dingemoen er ei av dei største breelvasetningane så nær kysten og eit viktig haldepunkt for rekonstruksjon av Yngre Dryas breranda på Vestlandet. Slike breelvdeltaer er viktige landformer for fastsettjing av marin grense, forståing av landhevinga etter siste istid og for tolking av isavsmeltingshistoria. Lokaliteten sjåast for å vere av stor regional interesse, og kan ikkje erstattast av andre alternativ (Aa & Sønstergaard, 1994). I samband med kommuneplanarbeidet (2015) har Atle Nesje, professor i kvartærgeologi, institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen uttalt seg om førekomensten og framhevar at lokaliteten er av stor verdi og eit viktig naturdokument. Nesje påpeiker at kommunen har eit spesielt ansvar for å bevare det gjenståande av landskapsforma. Nesje ser ingen konflikt i å nytte området til gravstad då det vil bevare landskapsforma og beskytte den mot nedbygging. På bakgrunn av dette er Øvre Dingemoen ivaretatt med ei omsynssone for landskap.

## Gravstad

Det har lenge vore behov for å stenge Dale kyrkjegard for å omregulere denne. Kyrkjegarden er full og har behov for omregulering/endringar. Tal graver må reduserast kraftig for å tilfredsstille dagens krav (større graver). I omregulering av kyrkjegarden må avstand til elva vurderast på ny grunna flaum og erosjonsfare. Før det er utarbeidd ein ny plan for

eksisterande gravplass vil det vere usikkert når den kan takast i bruk igjen. Det er ikkje venta at ein kan nytte eksisterande gravstad ved kyrkja på lang tid når den nye gravstaden er opna.

I samband med kommuneplanen er det gjort nye utrekningar av arealbehov for ny gravplass for 10, 20, 30 og 40 år fram i tid. Den norske kyrkja, ved rådgjevar for gravplassaker, tilrår at ny gravstad bør dekke behova for minst 30-40 år fram i tid. Gravbehovet ligg til grunn for arealbehovet og er berekna ut i frå innbyggjartalet i Dale sokn og at dødstala ikkje vil endre seg særleg myke frå dei siste ti åra, utover ei svak auke som følgje av auka eldre befolkning og noko tilflytting til Dale.

Utnyttingsgrad for gravplasser varierer, men det er tilrådd at den ikkje overstiger 40 % for nye gravstader. I tillegg stiller lova krav om at det i kvar kommune til ei kvar tid skal vere ledige graver for minst 3 % av folketalet. For Dale utgjer dette 57 graver ( $1900 * 3\%$ ) med samla areal på 256 m<sup>2</sup>. For utrekning av arealbehov har ein også lagt til grunn fordeling av urne og kistegraver, felt til muslimsk gravlegging, og minnelund.

#### **Utrekning av arealbehov for ny gravstad med 40% utnyttingsgrad:**

10 år: 5208 m<sup>2</sup>

20 år: 7775 m<sup>2</sup>

30 år: 10 343 m<sup>2</sup>

40 år: 12 878 m<sup>2</sup>

#### **Forhold som har betydning for lokalisering av ny gravplass:**

- Prosesjonsveg mellom kyrkje og gravstad bør ikkje vere meir enn rundt 400m og med moderat stigning dersom den skal føregå til fots. Dersom avstanden blir større vil bårepresesjonar måtte skje med bil og då har det ikkje så stor betydning om avstanden er ein eller fleire kilometer.
- Naboskap. Det bør opprettast buffersoner mellom gravstad og naboskap. Under gravferder og for besökande til gravstaden er det viktig med god visuell avskjerming av gravstaden mot omgjevnadene.
- Støy. Ein må ta omsyn til støy frå omgjevnadene som kan vere sjenerande for besökande til gravstaden og eventuelt lage buffersone mot støykilden.
- Grunnforholda og massesammensetting på gravstaden har stor betydning. Det er krav til jorddjupne og avstand til grunnvassnivå.
- Gravstader er sårbare for flaum, ras og erosjon og det bør gjerast grundige avvegingar i forkant om områda kan bli utsatt for dette.
- Dersom ny gravstad ikkje er i tilknyting til eksisterande må det settast av areal til parkering og drift, samt klokketårn dersom kyrkjeklokkene ikkje kan høyrast/sjåast frå området.

#### **Krav til minimum jorddjupne og gravedjupne:**

- Urner: 1,2 m (0,3 m over grunnvassnivå, urne - ca 40 cm og 50 cm jordoverdekning).
- Kistegraver: 1,6 m (0,3 m over grunnvassnivå, kiste - ca 50 cm og 80 cm jordoverdekning).

Lokalisering av ny gravplass har vore jobba med lenge. Øyra er regulert til gravplass, men ikkje bygd ut. Ei politisk nemnd tilrådde i 2011/2012 to alternativ, Øyra og Vollamyra, men kommunestyret vedtok å utsetje saka til kommuneplanarbeidet. Det har vore mange meininger om plassering og behov undervegs og det er komne fleire innspel til plassering.

I arbeidet med kommunedelplanen har lokalisering av ny gravstad i Dale vore sett i samband med arealbruken for heile Dale. Nokre område som arbeidsgruppa overveide har dermed ikkje blitt konsekvensutgreidd ettersom der var framlegg til anna arealbruk som fekk prioritet.

Forslag til ny gravstad er også grundig vurdert ut i frå dei ovanfor nemnde forholda.

Moglegheitene for utviding av eksisterande gravplass vart vurdert, men det samla arealet vart for lite og infrastrukturtiltaka for store til at ein ynskte å gå vidare med ei utgreiing her.

Alternativ Moldbakkan er utgreidd, men funne å vere for lite og med dårlig tilgjenge.

Alternativa Øyra, Vollamyra og Dingemoen har alle utfordringar knytt til nærleik til trafikk, skular, barnehagar, næringsverksemd og liknande. Dette er til felles med mange tettstader i Norge og må løysast med gode buffersoner og haldningars. Vollamyra er den lokaliteten som er antatt å miste mest areal til buffersoner mot naboskapen (ungdomsskulen og

Klokkgarden), i tillegg må den sikrast/hevast for flaum frå elva og høgt grunnvatn. Øyra er nær Elvetun barnehage og ligg ikkje minst svært utsett til for flaum, stormflo og havnivåstigning og må sikrast mot erosjon. Dingemoen er tett på barneskulen, men her er det mykje areal til å lage parkeringsplass, gode buffersoner og samstundes få ein romsleg

gravstad for lang tid. På Dingemoen har det vore jernaldergraver som vart utgravd i 1981.

Dette kulturminnet kan framhevest og formidlast i samband med utarbeiding av ny gravstad i området. Dingemoen er tilrådd som ny gravstad for Dale.

## Sentrumsutvikling

Kommuneplanens samfunnsdel slår fast at Dale skal vere ein levande tettstad med urbane kvalitetar der folk både jobbar og bur. Å skape liv i sentrum utover butikkane si opningstid er ei prioritert oppgåve og for å få det til må ein legge til rette for både busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod i sentrumskjerna. Det er også eit sterkt ynskje blant innbyggjarar og folkevalde å opne Dale mot sjøen og revitalisere eksisterande byggeområde langs strandsona. Tradisjonelt har det vore mykje aktivitet og næringsdrift i denne sona, som til dømes tønnefabrikkar, sildesalteri, skofabrikkar med meir. Det er bygga og tomtene til desse gamle hjørnestejnsbedriftene ein no ynskjer å puste nytt liv i. Det er derfor viktig å ha arealføremål i sentrum som innehar den fleksibiliteten ein treng i ein tettstad som skal utvikle seg og vere tenesteytande for resten av kommunen. I kommunedelplanen er derfor store deler av sentrum avsett til sentrumsføremål. Sentrumsføremål opnar for ein fleksibel og behovsretta bruk av området basert på private og offentlege aktørars initiativ. I dette ligg ei moglegheit til å vidareutvikle og kombinere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor, overnatting, bevertning mm. i sentrum. Moglegheita til å kombinere ulike føremål gjev incentiv og betre økonomi til tiltak og aktivitet i området og ein ser føre seg utvikling av næringsverksemd, bevertning eller kulturliv i dei lågare etasjane og leilegheiter for sal eller utleige i dei øvre etasjane. Føremålsendringa er ikkje til hinder for eksisterande bruk av området då all eksisterande bruk er i samsvar med det nye føremålet.

Deler av strandsona frå Granden til og med postvegkaia og sentrumskjernen på begge sider av Melkeveien blir omfatta av krav om områderegulering, samt fylkesvegen og eigedommane på sørssida av denne inn til Yksnebjør. Ei områderegulering skal bidra til heilskap i området med særleg omsyn til allmenningar og uformelle møteplassar samt allmenn tilgang og gløtt til fjorden. Strukturering av trafikkareal og parkeringsplassar blir også viktig i områdereguleringa. Det skal leggast til rette for ein allmenning frå fjord til fjell frå fergekaia gjennom Melkeveien, over fylkesvegen og vidare til turterrenge i fjellsida. Mellom parken og Allmuen er det ynskjeleg å begrense biltrafikken og legge til rette for ein god møtestad og arrangementssstad for bebuarar og besökande til Dale. Parken er også utgangspunkt for sentrumsnære turvegar.

1000-årsstaden og ungdomsskulen med kunstgrasbana er eit anna viktig område for fritids- og kulturliv og ikkje minst aktivitetar for born og unge.

Langs fylkesvegen er det håp om å behalde tradisjonen med butikkar på bakkeplan og bustad i andre høgda då dette er del av Dale sin identitet og kjenneteikn på at ein har kome inn til Dale sentrum. Framtidig gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå Yksnebjør til sentrum er tenkt utarbeidd gjennom områdereguleringa. Gode gang- og sykkelvegar i og nær sentrum er viktig for folkehelsa og attraktiviteten til tettstaden

Dalen frå sentrum til og med Dingemoen er tenkt som ei tenande sone. Her har ein lokalisert offentleg og privat tenesteyting som helsetenester og omsorgsbustader, samt skule og idrett, næringsliv og areal til ny forretningsverksemd og kontor. Her blir krav om områderegulering for å avklare detaljane i arealbruken.

## Bustadføremål

Kommuneplanens samfunnsdel legg opp til skal ha ein positiv folketalsvekst i Fjaler kommune. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025. Mykje av veksten vil skje i Dale og dette tilseier at vi må ha tilgang på tilstrekkeleg utbyggingsareal. Fjaler sin strategi for utbygging vil vere å fortette i størst mogleg grad både i Dale og i bygdesentra, og med det ivareta ein berekraftig bustadstruktur, samt hindre nedbygging av jordbruksland og landskap. Handlingsdelen slår fast at vi skal legge til rette for nye bustadstrukturar og fortette busetnaden i Dale, samt kombinere bustad og næring i Dale. Det vert også viktig å ha ulike typar bustadareal å velje mellom. I dag, i 2015 er det svært få ledige tomtar og husvære i Dale og dei fleste bustadfeltet er utbygd. Dette har medført at vi har tatt i bruk nye areal til utbygging i tilknyting til eksisterande busetnad.

I samband med utbygging av bustadarealet i Dale er det lagt opp til å ivareta grøntstrukturar og det naturlege terrenget i størst mogleg grad. Grøntstrukturar og naturleg utedmiljø med tilhøyrande dyreliv har mykje å sei for folkehelsa og trivselen til innbyggjarane. Opne soner og grøne korridorar mellom husklyngjene vert viktige for å ivareta natur- og kulturlandskapet som er karakteristisk for Dale.

Det er viktig å oppnå eit variert bustadtilbod i Dale for å nå ulike grupper og dekke ulike behov i befolkninga. Det er også viktig å legge opp til blanda bustadtilbod internt i dei ulike feltet for å unngå einsretta og homogene bustadmiljø. Dei beste sosiale bustadtilhøva oppnår ein ved å blande ulike aldersgrupper og folkegrupper. Då må ein ha tilgjengeleg bueiningar av ulik karakter, storleik og prisklasse, både sjølveigarbustader, sameige, og utleige.

### I kommunedelplanen legg vi opp til tre ulike bustadstrukturar:

1. *Urban busetnad/leilegheiter i sentrum.* Leilegheitene bør ha ulik storleik og dimed kunne vere tenelege som gjennomgangsbustader, for førstegongsetablerarar, små familiar, og for seniorarar som ynskjer å bytte ut einebustaden sin.

2. *Frittliggjande bustader.* Dette gjeld einebustader og tomannsbustader i eksisterande felt og nye felt i fjellsidene kring Dale. Desse områda høver særskilt godt for barnefamiliar som ynskjer einebustad med hage, garasje og utsikt. Bustadene kan med fordel ha ein utleigedel

3. *Tunbusetnad*. Einebustader eller mindre fleirmannsbustader på tidlegare jordbruksland etablert i tunstruktur for å ivareta opne/grøne fellesareal i mellom busetnaden. Bueiningane bør ha ulik storleik og karakter for å dekke ulike bu-behov i befolkninga.

## Arealrekneskap - langsiktig strategi for utbygging i Dale

Då det er veldig få tomter og ledige husvære i Dale i dag er det naudsynt å ta i bruk nye areal til utbygging. Arealbehova for nye bustadområde er berekna ut i frå ei vedtatt satsing på befolkingsauke i kommunen på minimum 15 % innan 2025. Uavhengig av om det samla folketallet i kommunen er positiv eller negativ så viser statistikk at innbyggjartala i Dale har auka dei siste åtte åra med om lag 5 prosent årleg. Intern sentralisering er ein trend som truleg vil forsterkast i framtida. Om lag 38 % av kommunens befolkning bur i Dale i dag og det er venta at det vil stige til 43 % innan 2027. For Fjaler reknar SSB 2,2 personar per privathusholdning. Dette medfører at ein bør ha minimum ledig areal til 140 bueiningar dei neste tolv åra.

Totalt tal bueiningar som kan etablerast som resultat av rullering av kommunedelplanen er noko høgare enn talet for nye utbyggingsområde i tabellen nedfor då kommunedelplanen legg opp til bustadmogleheter fleire stader gjennom sentrumsføremål og kombinert bygge og anleggsføremål. Desse føremåla er kombinasjonsføremål og gjev ikkje eintydig svar på om, eller kor mange bueiningar som kan bli etablerte. Det er truleg at utbygging av tomta ved Dale senter vil medføre nokre leiligheter og transformering av strandsona i sentrum er på sikt venta å innebere fleire leiligheter. Arealbruken for område T/F/B på Dingemoen er usikker, men vil bli avklara gjennom områderegulering.

Berekna behov og areal avsatt til bueiningar er kunstig høgt i forhold til dagens situasjon, men er basert på 15 % folketalsauke og eit ynskje om å ha ein langsiktig utbyggingsplan og eit lengre perspektiv på samfunnsutviklinga enn 12 år.

### Utbyggingsområde, bustadføremål

Område	Areal i mål	Utnyttingsgrad (ca)	Tal bueiningar
Bjerga B1 og B2	10	0,5	5
Bjerga B3 og B4 <sup>1</sup>	14 +12	2	52
Kirkeåsen B5 og B6	8+30	0,5	19
Nedre Steia B7	10	2	20
Øvre Dingemoen B8	12	2	24
<b>Total</b>	<b>96</b>	<b>1,4</b>	<b>120</b>

### Omdisponert LNFR areal:

Område	Areal i mål
Nedre Steia B7 <sup>2</sup>	10
Steia	-10 (tilbakeført til LNF)
Bjerga B3 og B4	14+12
Kirkeåsen B5 og B6	8+30
Dingemoen T2	6
<b>Totalt omdisponert LNFR areal</b>	<b>70</b>

<sup>1</sup> Det blir satt krav om at område B4 på Bjerga først blir tatt i bruk når område B3 er ferdig utbygd

<sup>2</sup> Dette arealet erstattar tilsvarande areal som er tilbakeført til LNF

## **Omsynssoner**

### **Faresoner, sikringssoner, bevaringsområde og bandlegging**

I kommunedelplanen er det lagt omsynssoner på ein del område med hensikt å ivareta og framheve kvalitetane ved desse områda særskild. Dette gjeld:

## **Omsyn grøntstruktur H540**

### **Frå bekkedalen til Kirkeåsen**

Innafor området skal ein tilstrebe å ivareta terrenget og vegetasjonen best mogleg og behalde eit samanhengande grøntmiljø ved utbygging av bustader og vegtilkomst i området. Hensikta er å ha ein samanhengande «grøn korridor» frå elva til det store landskapet oppanfor Kirkeåsen.

## **Omsyn landskap H550**

### **Dingemoen**

Øvre Dingemoen er registrert som eit kvartærgеologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane. Dingemoen er ei av dei største breelvasetningane så nær kysten og eit viktig haldepunkt for rekonstruksjon av Yngre Dryas breranda på Vestlandet, fastsetjing av marin grense, forståing av landhevinga etter siste istid og for tolking av isavsmeltingshistoria. Hensikt med omsynsona er å verne landskapsforma mot nedbygging. Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa & Sønstergaard, 1994).

## **Bevaring naturmiljø H560**

### **20m på kvar side av Dalselva**

Dette området har eit særskild naturmiljø og biologisk mangfald. Den landskapsøkologiske analysa av Dale (Mong, 2014) viser at det langs Dalselva finst flaumpåvirka skog/sumpskog, rik urtevegetasjon, og brakkvassdelta. Den flaumpåvirka skogen fungerer som korridør (trekkveg) for fugle- og dyreliv. Flaumpåvirka vegetasjon er avhengig av vekslande høg og låg vasstand gjennom heile året og er sårbar for drenering og oppmuring av kanter langs elva. Brakkvassdeltaet ved Øyra og elveutløpet er særskilt viktig då slike brakkvassdelta er ein sterkt truga naturtype i Norge og eit unikt og svært artsrikt leveområde for både sjeldne og vanlege våtmarksfugl, sjøfugl og strandengarter. Elvedeltaet er det landskapsøkologisk mest betydningsfulle området i Dale. I dette området skal det langsiktige vernet og opplevingsverdien av landskapet og det biologiske mangfaldet ivaretakast.

## **Bandlegging etter lov om kulturminne H730**

Vonens hus (eldste del frå 1500-talet) med omgjevnader. Sjølve hovudbygget vart vedtaksfreda i 1978, medan området rundt hovudhuset og dei tre sjøbuene innanfor området vart vedtaksfreda i 1984. Føremålet med områdefredinga er å beskytte det verneverdige kulturlandskapet og sikre heilskapen mellom huset, hagen, elva og fjorden.

## **Bevaring kulturmiljø H570**

Omfattar område med særskild verdi eller kvalitet som kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap, I desse område skal det langsiktige vernet og opplevingsverdien av lokal historie, kulturminne, og kulturlandskap ivaretakast.

**Prestegarden:** Det har vore prestegard på Bjerga i minste fallsidan 1755 då soknet vart delt i Ytre og Indre Holmedal. Bjerga vart då prestegard for Ytre Holmedal. Våningshuset er ombygd fleire gonger og det er vanskeleg å tidfeste – men det finst fotodokumentasjon frå ca. 1870. Det vart ombygd til sveitserstil på siste halvdel av 1800-talet. Ein av Eidsvollmennene, Niels (Nicolai) Nielsen, budde her i 1814. Hovudomsyn: bevaring av våningshus, eldhús og allé.

**Borgen/Lassedammen:** gammal strandsitjartomt. Naust og hus. Noverande hus er bygt med restar av tømmer frå den gamle Dalskyrkja kring 1862. Hovudomsyn: bevaring av bygg med omgjevnader.

**Dale kyrkje (1864):** Listeført kyrkje. Hensikta med omsynssona er å ivareta heilskapen og dei historiske kvalitetane ved kyrkja og kyrkjegarden.

**Tusenårsstaden:** Folkebadet (1936), Skulehuset (om lag 1860), Kommunehuset (1895), Jakob Sande-tunet/Klokkgården (eldste huset frå 1700-talet). Staden tener i dag som allmenning, kulturarena og møteplass. Hovudomsyn: bevaring av bygningsmiljøet med omgjevnader.

**Dalstunet med Dalsbua, Dalehuset og Allmuen:** Arkitektoniske og tidstypiske miljø frå Dale til ulike tider. Hovudomsyn: bevaring av bygg og fasade

**Gamlevegen, gata frå fylkesvegen nord til kyrkja:** Kulturmiljø med eldre trehusbygg, blant anna gamle banken i sveitserstil frå 1923. Hovudomsyn: bevaring av bygningsmiljøet

**Den gamle skofabrikken (Enoro):** Representativ for industritida i Dale. Frå starten av 1900-talet. Hovudomsyn: bevaring av bygg og fasade

**Tross med Tingstova/Kafe Stjernen og Geijerstamhuset:** Hus av lokalhistorisk verdi i Dale. Hovudomsyn: bevaring av bygg og fasade

**Postvegkaia:** Kaia er del av den Trondhjemske postveg og eit viktig kulturhistorisk minne. Hovudomsyn: bevaring av kaia

**Lemstove på nedre Yksnebjør:** Stads- og tidstypisk arkitektur. Før var det mange slike lemstover i Dale, og dette er eit av få inntakte eksempel att. Huset vitnar om sitt tids kår og levesett. Hovudomsyn: bevaring av bygg og fasade

**Yksnebjør:** Gardstun og kulturlandskap med sefrak registrert våningshus og løe frå om lag 1880. Ei tid var det fleire og store gardar på Yksnebjør, medan Sætenesbøen no er einaste gardstunet som ikkje er fortøtt. Bøane rundt gardstunet utgjer flott grøntareal for nærmiljøet og er viktige som bufferson mot barnehagen. Hovudomsyn: bevaring av bygningsmiljø/gardstun og kulturlandskap.

**Steia:** gard frå 1500-talet og tilhaldsstad for Nikka Vonen sin jenteskule med tilhøyrande vaskehus frå 1880, samt tilgrensande sefrakregisterde hus og bygg. Hovudomsyn: bevaring av bygningsmiljø/gardstun, allè, kulturlandskap og omgjevnader

**Trudvang:** Ungdomshus, tidstypisk arkitektur frå 1932. Lokalhistorisk verdi. Hovudomsyn: bevaring av bygg og fasade.

Det er også omsynssoner på enkelte område for å markere fare eller behov for utgriing før eventuelle tiltak. Dette gjeld:

### **Sikringssone H120**

Område for grunnvassforsyning. Omsynssona har til hensikt å ivareta vassforsyninga til Dale. Innanfor omsynssona vert ikkje tiltak som kan verke negativt inn på vasskvaliteten eller føre til forureining av vassforsyningssystemet tillate (jfr. drikkevassforskrifta).

### **Faresone H310 Ras- og skredfare**

#### **Gjeld fjellsider og skrånningar markert i kart**

Innanfor omsynssona skal det i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak gjennomførast kartlegging og vurdering av ras- og skredfare. Kartlegging og vurdering skal utførast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk.

### **Faresone H320 Flaumfare**

#### **Gjeld elver og bekker markert i kart**

Innanfor omsynssona skal det i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak gjennomførast kartlegging og vurdering av flaumfare. Kartlegging og vurdering skal utførast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk.

Det er viktig å merke seg at i høve Dalselva så overlappar omsynssona for flaumfare med sona for bevaring av naturmiljø. Det vil sei at tiltak mot erosjon og andre tiltak i og nær elva ikkje er ynskjeleg. I samsvar med NVE bør elva i størst mogleg grad få følgje sitt naturlege løp med minst mogleg inngrep. Dette er den beste måte å beskytte seg mot flaum og brå vassføring.

# KONSEKVENSUTGREIING (KU)

## Innspel

Det er kome inn over 100 innspel til det samla kommuneplanarbeidet, både frå private aktørar og gjennom folkemøta/kafeverkstader. For kommunedelplanen gjeld mange av desse innspela lokalisering av gravstad og område til bustadbygging. Kommuneplanens samfunnsdel har klåre føringar for kva utbyggingsomfang og område som er aktuelle og arbeidsgruppa har sortert kva innspel som skal utgreiaast nærmere og kva innspel som av ulike årsaker ikkje vert vurdert vidare. Innspel som ikkje er konsekvensutgreiingspliktige, som til dømes grøntareal, er ikkje nemnd i lista nedanfor. Det har og kome inn ei rekke innspel som ikkje kan innarbeidast i arealdelen, til dømes mindre tiltak eller trafikktryggingstiltak. Desse innspela er notert og henvist til korrekt plan/arbeidsinstans.

## Forkasta innspel (som ikkje vert konsekvensutgreidd):

Innsendar:	Tiltak	Årsak til avslag
Dok 73	Bufellesskap på Øyra vest for vegen	For detaljert. Området er avsatt til bustadføremål
Dok 12	Kai for lastebåtar i Dale/Fjaler	Det er ikkje ynskjeleg med industriale sentrum. Det er regulert kai/næringsareal i Kvamen utanfor Dale.
Dok 42	Masseuttak Moldbakkane	Ikkje ynskjeleg då det kjem i konflikt med elvestien (pga trafikk), estetikk, nærmiljø og landskapsomsyn
Dok 47	Busetnad i sentrum vs industri utanfor sentrum	Innspellet kan ikkje konsekvensutgreiaast, men tidlegare industriareal langs strandsona i sentrum er erstatta av bustadareal og sentrumsføremål. Deler av øvre Dingemoen er lagt ut til bustadareal, og nærmere avklaringar for arealbruken i området kjem gjennom områderegulering. Det er ikkje høve til å pålegge tidsfrister for tiltak, eller pålegge nedlegging av godkjent næringsvirksomhet gjennom kommunedelplanen. Ny industri i Fjaler skal i hovudsak lokaliserast utanfor Dale
Dok 114	Utviding av produksjonsareal, Vevang	Området er avsatt til sentrumsføremål og det er høve til å utvide produksjonsareala innafor området.
Dok. 7	Overnattingstilbod i Dale	Det er avsatt areal til utvikling av overnattingsverksemde i Dale gjennom sentrumsføremål
Dok 19	Sentrumsnære leiligheter, kaia Hotell, kaia Produksjonlokaler for kunst og kultur, samt bryggeri i skofabrikkhallane Småbåthamn, sentrum Strandpromenade Hytte Grøneholten	Det er lagt til rette for arealbruk til leiligheter, overnatningsverksemde, kunst, kultur og bevertning i sentrum (og på kaia) gjennom sentrumsføremål. Deler av sentrum må områderegulerast for nærmere detaljering. Gjennomføring av tiltaka er avhengig av private initiativ. I områdereguleringa skal det leggast til

		rette for allmenn tilgang, ferdsel og gløtt til og ved fjorden, men det er ikkje aktuelt med ein samanhengande strandpromenade <i>langs</i> fjorden i framkant av husa på kaiene. Det er avsatt areal til småbåthamn i kommunedelplanen. Eventuell søknad om ei idretts/turlagshytte på Grøneholten kan behandlast utan reguleringsendring.
Dok 20	Beholde friområde ved sjøen på Bjergelandet  Oppgradere strandlinja og tilrettelegge for båtturisme	Området er avsatt til grøntstruktur  Deler av strandsona er avsatt til sentrumsføremål og oppgraderinga er avhengig av grunneigars utvikling av området. Det er beholdt areal til småbåthamn i kommunedelplanen om nokon ynskjer å tilrettelegge for båtturistar.
Dok 21	Volleyballbane og flytting av parkeringplass ved Dale vgs	Vil bli handsama som eigne saker eller gjennom områderegulering.
Dok 38	Overnatningskapasitet Gjestehamn	Det er avsatt areal til utvikling av overnatningsverksemد i Dale gjennom sentrumsføremål (også sjønære areal). Det er beholdt areal til småbåthamn i kommunedelplanen, og det kan leggast til rette for «reketrapp» eller av og påstigningskai, i området ved fergekaien.
Dok 45	Heilstkap og trafikkomsyn i kommunedelplanen  Grøn lunge frå fjorden ved Borgen, over Øyra via tusenårsstaden, over Vollamyra, opp til Fjalerhallen og Dingemoen.	Heilstkapleg arealbruk er fremja etter beste evne i kommunedelplanen. Det er utarbeidd ei økologisk landskapsanalyse og ei eiga trafikkanalyse for Dale sentrum i samband med kommuneplanarbeidet. Nokre av anbefalingane i trafikkanalyse vil bli ivaretatt gjennom onråderegulering av Dale sentrum.  Det er lagt til rette for grøntstruktur og ivaretaking av naturlandskapet frå fjorden ved Borgen, via Øyra, og vidare sør langs elva. Det går også ei grøn sone frå Øyra opp Bekkedalen, og over Kirkeåsen. Vollamyra framstår som ei grøn lunge i dag, men området er avsatt til utbygging. Det er anbefalt utbygging i tun og bevaring av soner for grøntstruktur langs elva. Det er også anbefalt å tilrettelegge for ein sti mellom tusenårsstaden og Dingemoen.
Dok 41	Friområde i Bekkedalen Parkeringsplass Ny gangbru over Dalselva	Bekkedalen er avsatt til grøntstruktur med tanke på tur- og leikeareal for born og unge. Området som er midlertidig nytta til parkeringsplass er avsatt til bustadføremål.

		Det kan etablerast ny felles parkeringsplass på Øyra for barnehagen og grøntanlegga i området. Det kan også etablerast gangbru i dette området.
Dok. 140	Synspunkt på nytt bustadfelt på Bjergelandet (B1)	Området vil ikke bli utbygd i det omfang som tilgrensande naboar har uttrykt bekymring for, men det opnast for fortetting av inntil tre bustader i feltet, (sjå nærmere detaljering i føresegne). Dette skal ivareta omsyn til naboskapen, som tettleik, utsikt og lysforhold. Det er ikke planlagd eige friareal i området, men areala som ikke vert nytt til utbygging vil vere tilgjengelig til slik bruk. Området er ikke konsekvensutgreidd sidan det ligg inne frå førre planperiode.
Vurdert i arbeidsgruppa	Ei tomterekke øvst i Hatledalen sør for Demma	Området vart vurdert til bustadføremål, men forkasta grunna for bratt stigning mellom eksisterande veg og mogleg tilkomst.
Vurdert i arbeidsgruppa	Utviding av eksisterande kyrkjegard	Fleire alternativ i sentrum har vore vurdert. Blant anna å rive Ljosheim og badet og nytte desse tomtene saman med parkeringsplassen til ny gravstad, men arbeidsgruppa fant at arealet ikke vil bli stort nok og at infrastrukturtiltaka og konsekvensane for Dale sentrum vil bli for omfattande til at ein ynskja å gå vidare med dette alternativet.

## Metode

For nye utbyggingsområder og større arealbruksendringar skal det gjennomførast konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS analyse).

Konsekvensutgreiinga for kommuneplanen er ei overordna vurdering som tek utgangspunkt i eksisterande kunnskapsnivå og kjende registreringar. Vurderinga skal avgrensast til det som er naudsynt for å ta stilling til ny eller endra arealbruk. For større tiltak må ein pårekne å gjere nærmare utgreiingar for aktuelle/utvalde tema.

Det er utarbeidd eit skjema som skal nyttast i utgreiinga av dei ulike områda. I konsekvensutgreiinga skal ein gjere ei verdivurdering av områda og vurdere konsekvensar av endra arealbruk.

Verdivurderinga er delt i liten, middels eller stor verdi.

Liten verdi:                   Område utan kjende registreringar

Middels verdi:               Område med kjende registreringar av lokal verdi

Stor verdi:                   Område med kjende registreringar av regional og/eller nasjonal verdi

Konsekvens av endra arealbruk vert gitt med ein verdi mellom -3 (stor negativ konsekvens) og +3 (stor positiv konsekvens).

Tema som konsekvensutgreiast ved ny arealbruk er vist i tabellen under. Temautvalet er bearbeidd og basert på lista for aktuelle tema skildra i planprogrammet. Utgreiinga for kvart tema byggjer på det skildra kjeldegrunnlaget. I tillegg til desse kjeldene er det nytta, lokalkunnskap og skjønn ved vurderingane.


Tema	Utgreiing	Kjelder
Landbruk	Avdekke mogleg konflikt med jordvern, skogbruk og beiteområde	Markslagskart (DMIC/AR5) Lokalkunnskap
Naturverdiar og biologisk mangfold	Avdekke mogleg konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.  Der det ikkje er registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i eksisterande litteratur meiner kommunen at det ikkje er fare for at tiltaka påverkar naturmangfaldet og det vert ikkje utgreidd nærmare.  Der det er gjort funn av betyding er tiltaket anten tilrådd, eller det vert innhenta fagleg uttale (nærare kartlegging av naturmangfaldet).	Fylkesatlas: Prioriterte og utvalte naturtypar, område verna etter naturvernlova, naturtypekartlegginga, verna vassdrag og strandsone. INON. Gyteområde. EDNA- registreringar (område med spesielle naturkvalitetar)

Landskap og estetikk	Avdekke mogleg konflikt med verdifulle landskap, kulturlandskap, makrolandskap og strandsona	Kart, ortofoto, synfaring, lokalkunnskap  Kommuneplanens samfunnsdel
Kulturminne og kulturmiljø	Avdekke eventuell konflikt med freda eller verneverdig kulturminne eller kulturmiljø	Askeladden og Sefrak Lokalkunnskap Kommuneplanens samfunnsdel Stadanalyse, Dale
Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø	Avdekke om det er frilufts- og rekreasjonsinteresser i utbyggingsområde, eller om tiltaket har konsekvensar for folkehelsa, samt avdekke mogleg konflikt med nærmiljøet	Fylkesatlas: Regionale friluftsområde, FRIDA, Nordsjøløyper, stiar, Fylkesdelplan for arealbruk og friluftsliv Fylkesdelplan for folkehelse Strategiplan for folkehelsearbeidet, Fjaler kom. Stadanalyse, Dale Lokalkunnskap
Barn og unge	Avdekke om tiltaket er i konflikt med barn og unge sine interesser og oppvekstvilkår	Kommuneplanens samfunnsdel Lokalkunnskap
Infrastruktur og offentlege tenester	Utgreie nærliek til skular, barnehagar, butikk og liknande. Og vurdere korleis tiltaket passar inn i eksisterande og planlagt infrastruktur	Kommuneplanens samfunnsdel Kart, ortofoto, lokalkunnskap
Universell utforming	Vurdere om tiltaket utløyser krav om tilrettelegging/universell utforming	TEK 10 (Det er krav om UU der det er offentlege eller publikumsretta føremål. Det er ikkje krav for private tiltak/hus/hytter.)
Næringsutvikling og sysselsetting	Avdekke om tiltaket bidreg til styrka eller svekka næringsverksemد/sysselsetting i lokalområdet eller kommunen	Strategisk næringsplan for Fjaler Kommuneplanens samfunnsdel Lokalkunnskap
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Få oversikt over risikosituasjonen for uønska hendingar og avdekke kva utbyggingsområde som har uakseptabel høg risiko og kva som kan gjerast for å minske risikotilhøva	ROS-analyse av aktuelle farar og hendingar.

## Utgreidde område:

### BUSTADFØREMÅL BJERGA (B3 og B4)

Kart:



#### Framlegg til ny arealbruk:

Bustadføremål

#### Forslagstillar:

Grunneigar  
Folkemøte  
Arbeidsgruppa

#### Storleik /omfang:

14 mål og 12 mål

#### Eksisterande arealbruk/planstatus:

LNF formål - landbruksjord

#### Skildring av området:

Området vest på Bjerga nord for kommunal veg. Området er i dag fulldyrka jord og vert aktivt nytta som landbruksjord. Området ligg nær eksisterande busetnad på Bjerga og er ein naturleg utviding av bustadområdet der.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	M	-2	Aktiv landbruksjord. Nedbygging til bustadføremål kjem i konflikt med jordvernet.
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i

			området.
<b>Landskap og estetikk</b>	M	-1	Bjergeneset utgjer ei av dei store landskapsformene kring Dale og er eit karakteristisk landskap ved innseglinga til Dale. Området er også eit flott kulturlandskap med to eldre gardstun. Det er viktig at utbygging av bustader i området ikkje strekker seg ned mot neset og kjem i konflikt med strandsona. Då området i dag er jordbruksland bør dei opne og kulturelle kvalitetane ved landskapet ivaretakast ved ei eventuell utbygging. Ein bør sikre siktsoner til og frå bøane nedanfor og til og frå sjøen. Husa bør terrengtilpassast og plasserast i tunstruktur tilsvarande dei eksisterande gardane.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon. Området ligg nær eksisterande busetnad.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Endring frå LNF føremål til bustadføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge. Det må takast omsyn til barn og unge sine interesser i vidare detaljregulering av området.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Avstand til skule, barnehage, sentrum og offentlege tenester er mellom 1 og 2,5 km
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Utbygging av bustader i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserande tiltak

**Samla vurdering:**

Området er i dag aktiv landbruksjord som vil gå tapt ved ei utbygging. Utbygging vil samstundes vere ei utviding og fortetting av eksisterande busetnad på Bjerga og Longehojen.

Då området i dag er jordbruksland bør dei opne og kulturelle kvalitetane ved landskapet ivaretakast ved ei eventuell utbygging. Ein bør sikre siktsoner til og frå bøane nedanfor og til og frå sjøen. Husa bør terrengtilpassast og plasserast i tunstruktur tilsvarande dei eksisterande gardane.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å legge ut område til bustadføremål, men det må setjast rekkefølgjekrav for utbygging av B3 først då det samla er over 30 mål og 400 meter i lengdeutstrekking. Det må setjast krav til utarbeiding av detaljregulering med retningslinjer som ivaretak kvalitetane til det opne kulturlandskapet.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## BUSTADFØREMÅL STOREHAUGEN/SMEFJELLET

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Bustadføremål

### Forslagstillar:

Arbeidsgruppa og grunneigar dok. nr 108

### Storleik /omfang:

70 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Skog/LNF

### Skildring av området:

Føreslege utbyggingsareal ligg 150 m ovanfor sentrum i eit utmarksområde utan busetnad eller bygningar frå før. Tomteområdet består i hovudsak av hogstmoden granskog og er avgrensa av eksisterande skogsvegar i området.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	M	-1	Granskog med låg bonitet. Hogstmoden skog kan takast ut, men utbygginga hindrar nyplanting og fører til ein reduksjon av biomasse.
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	M	-2	Føreslege utbyggingsareal ligg i eit utmarksområde utan busetnad eller bygningar frå før. Arealet er i same høgde som kunstnarsenteret på Dalsåsen, men skil

			seg frå øvrig byggehøgde for privatbusetnad i Dale. Tiltaket grip inn i det store landskapet og bidreg til nedbygging av eit naturleg terrengr. Den visuelle verknaden av utbygginga er usikker.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	M	-1	Området er delvis nytta til friluftsliv, og det er nyleg etablert ei sykkelbane frå Dalsåsen inn i området. Eit lokalt viktig utfartsområde ligg aust for føreslede utbyggingsområde.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Endring frå LNF føremål til bustadføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	-2	Området ligg åtskilt frå eksisterande busetnad, og utan opparbeidd infrastruktur. Det er ikkje fullverdig tilkomst til området i dag. Tilkomst må løysast frå kunstnarsentaret på Dalsåsen eller via Yksnebjør og begge deler vil medføre omfattande tiltak.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Utbygging av bustader i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserand tiltak

#### **Samla vurdering:**

Tiltaket kjem i konflikt med det store landskapet og område utan busetnad og tekniske inngrep frå før. Føreslegne utbyggingsareal er veldig stort og det er urealistisk med ei utbygging av dette omfanget i Dale i nær framtid. Utbygginga vil medføre store infrastrukturtiltak og er ikkje ansett for å vere berekraftig, verken økonomisk, eller miljømessig.

#### **Tilråding:**


Det vert ikkje tilrådd å legge ut bustadareal på Storehaugen/Dalsåsen. Det anbefalast heller å fortette i sentrum og legge opp til utviding av bustadareal i tilknyting til eksisterande busetnad.

#### **Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga. 04.02.15

## BUSTADFØREMÅL FJELLVEIEN (11)

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Bustadføremål

Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

Storleik /omfang:

Om lag 7.mål

Eksisterande arealbruk/planstatus:

LNF

Skildring av området:

Område i skrånning/fjellsida sør for sentrum og fylkesvegen.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er tilvaks med granskog av låg bonitet.
Naturmangfold	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikke inn i det store landskapet og det er få konfliktar med utbygging i skrånninga.
Kulturminne og kulturmiljø	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
Friluftsliv, folkehelse og	L	0	Området er ikke nytta til friluftsliv eller

nærmiljø			rekreasjon.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Endring frå LNF føremål til bustadføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+1	Veg og avløp like ved. Kort avstand til skule, barnehage, sentrum og offentlege tenester. Butikkar like ved.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Utbygging av bustader i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	M	-2	Området er innafor aktsemrådssona for steinsprang og snøskred. Reel fare må kartleggast før utbygging.

**Samla vurdering:**

Området er nær sentrum og eksisterande busetnad. Området er rasutsatt, med kupert terrengr/ur og krev reel faresonevurdering. Synfaring på staden viser at det truleg blir naudsynt med omfattande og kostbare sikringstiltak. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med omsyn til naturmiljø eller det store landskapet, men ei utbygging vil truleg medføre til dels store inngrep i terrenget.

**Tilråding:**


Det tilrådast ikkje bustadføremål i området.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## BUSTADFØREMÅL KIRKEÅSEN (B6) OG OMRÅDE MELLOM LONGEHOJEN OG BEKKEDALEN ( B5)

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Bustadføremål

### Forslagstilar:

Grunneigar dok. 110

Arbeidsgruppa

### Storleik /omfang:

30 + 8 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Utmark/LNF formål

### Skildring av området/tiltaket:

Endring fra LNF føremål til bustadføremål på åsrygg vest for Bjergelia mot Longehojen (B6), samt fortetting av område mellom Longehojen og Bekkedalen (B5).

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Blanda skog med middels bonitet
Naturmangfold	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.

<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip delvis inn i det store landskapet, men Jarstadheia er høgare enn Kirkeåsen og vil danne bakgrunn for det nye bustadarealet. Det nye bustadarealet vil ikke komme opp i rinda og er ikke venta å skape uheldig silhuettverknad. Åsen er allereie utbygd opp til 70 moh i Bjergelia og 90 moh i Longehojen og føreslegne bustadareal er ei forlenging av eksisterande. Tomter og hus bør tilpassast terrenget.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er sporadisk nytta til turgåing, men er ikke eit viktig utfartsområde. Jarstadheia over og vest om Kirkeåsen har etablerte turløyper som kanskje kan bli meir tilgjengelige og nytta ved etablering av eit bustadfelt i området..
<b>Barn og unge</b>	L	0	Endring frå LNF føremål til bustadføremål kjem ikke i konflikt med interessene til barn og unge. Det må takast omsyn til barn og unge sine interesser i vidare detaljregulering av området.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Avstand til skule, barnehage, sentrum og offentlege tenester er ca 2 km. Tilkomst for bilar må etablerast via Longehojen. Det kan med fordel etablerast gangtilkomst gjennom eksisterande bustadområde i Bjergelia.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Utbygging av bustader i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserand tiltak Ein veldig liten del av området er avmerka som aktsemomsområde for skred og må vurderast nærmere i samband med regulering av området. Dette påverkar truleg utbygginga i liten grad.

**Samla vurdering:**

Utbygginga er ei utviding og fortetting av eksisterande busetnad i Longehojen og Bjergelia med lavt konfliktnivå med andre interesser.

**Tilråding:**

Det vert tilrådd å legge ut område til bustadføremål.


Det må setjast krav til utarbeiding av detaljregulering.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## BUSTADFØREMÅL NEDRE STEIA (B7)

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Bustadføremål

Forslagstillar:

Grunneigar

Arbeidsgruppa

Storleik /omfang:

10 mål

Eksisterande arealbruk/planstatus:

Jordbruk/LNF formål

Skildring av området:

Området er del av landbruksområdet sør for eksisterande busettning på Steieøyra.

Området erstattar eit område av tilsvarande storleik som er utlagd til bustadføremål i noverande kommunedelplan. Eksisterande bustadareal (som ikkje er utbygd) ynskjer ein å tilbakeføre til LNF føremål då det er fleire konfliktar (til omsynssone kulturmljø, og faresone elv) ved utbygging der enn på området som no blir føreslegge.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	M	-2	Området er aktivt nytta til jorbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekommstar i området.
Landskap og estetikk	M	-1	Området er relativt flatt jordbruksland og utbyggingsmønster/tomter og hus bør tilpassast terrenget og kulturhistoria i

			området. Området er nær omsynssoa for kulturmijøet ved Steia gard og utbygginga må ikkje kome i konflikt med denne.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området, men det kan bli naudsynt med arkeologiske undersøkingar i forkant av utbygging.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er sporadisk nytta til skigåing på vinteren. Området er nær sentrum, gang og sykkelvegar og etablert busetnad/nærmiljø.
<b>Barn og unge</b>	L	+1	Området er nær sentrum, etablert busetnad, gang og sykkelvegar, skule, idrettsanlegg og leikeareal og er truleg ein god oppvekstplass for born og unge
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Det er kort avstand til skule, barnehage, sentrum og offentlege Tilkomstveg til området må etablerast via Steieøyra..
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Utbygging av bustader i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Det er kjent høgt grunnvatn i området.

**Samla vurdering:**

Utbygginga er ei utviding av eksisterande bustadareal på Steieøyra. Då området er nytta som jordbruksland og har opne grøne kvalitetar bør desse vidareførast i utbygginga. Lengst vest mot elva på Steieøyra ligg to små gardar der bygningsmassen ligg samla med jorder rundt. Steia hovudgard har endå klårare tunstruktur og det anbefalast å vidareføre denne tradisjonen heller enn rektangulære byggefelt.

Føreslege bustadareal er klart mindre konfliktfylt å bygge ut enn det eksisterande som i dagens plan ligg aust for alleén til Steia hovudgard.

**Tilråding:**

Det vert tilrådd å legge ut område til bustadføremål.

Det må setjast krav til utarbeiding av detaljregulering.


Det anbefalast å legge opp til ein tunstruktur som ivaretok openhet i landskapet og tradisjonelle bygningsmønster.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## BUSTADFØREMÅL STRANDSONA DALE NORD (B10)

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Bustadføremål

**Forslagstillar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

3.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Leilegheiter, bustad/forretning/kontor

**Skildring av området/tiltaket:**

Området er ved sjøen nær sentrum av Dale, mellom Trossefjøra og det gamle naustmiljøet. Det brukte å stå ein tønnefabrikk på tomta som brann ned. Leilegheitsbygget som står der i dag er ein kopi av tønnefabrikken. Hensikta med føremålsendringa er å justere arealføremålet til faktisk bruk og ynskt utvikling for området.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar av sjeldne naturtypar eller raudlisteartar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikkje føremålsendringa i konflikt med strandsonevernet.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekommstar i området..
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon.

<b>Barn og unge</b>	L	0	Endring til bustadføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+1	Området har etablert tilkomstveg og ligg nær barnehage og helsetenester, samt sentrum av Dale med butikker og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Endring av føremål er ikkje venta å påverke sysselsetting eller næringsliv i området.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-1	Området er lågare enn 3.moh og utsatt for havnvåstigning og stormflo. I henhold til føresegnene skal nye bygg plasserast på minimum kote tre og for tiltak plassert lågare enn kote tre skal skadereduserande tiltak iverksettast og dokumenterast

**Samla vurdering:**

Strandsona er allereie påverka av store inngrep og det er ikkje venta at føremålsendring til bustadføremål vil medføre større skade på landskapsforma. Området er transformert til privatbusetnad og då dette vil trekke fleire folk til staden er det i samsvar med ynskje om å få utvikling og aktivitet tilbake til strandsona.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å avsette beskrivne område til bustadføremål.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## BUSTADFØREMÅL ØVRE DINGEMOEN (B8)

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Bustadføremål

**Forslagstilar:**

Grunneigar, gbnr. 64/12 innspel nr 27

**Storleik /omfang:**

12.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Masseuttak/Industri

**Skildring av området:**

Området ligg øvst på Dingemoen mot fylkesveg 57. Området har vore nytta til sanduttak i mange år og er noko terrassert. Grunneigar har nyleg fått fornøya driftskonsesjon for uttak av sand. Det er to privatbustader i området i dag.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
Naturmangfald	M	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området, men terrenget er del av elvedeltaet som vart avsatt ved siste istid. Denne kvartærgeologiske landskapsforma er registrert som eit kvartærgeologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane i ein utredning for Direktoratet for Naturforvaltning og er av stor regional verdi og interesse. Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa &

			Sønstergaard, 1994).
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Landskapet det gjeld er allereie prega av store inngrep. Utbygging av bustader er ikkje venta å forringje landskapet ytterligare. Det er heller venta at ei godt planlagt utbygging kan stogge og bøte på pågåande nedbygging av terrenget. Det er truleg at etablering av bustader i området vil opplevast som finare enn det opne masseuttaket som ligg der i dag.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytt til friluftsliv eller rekreasjon. Avvikling av noverande masseuttak og utbygging av området til bustader er venta å vere positivt for nærmiljøet. Området er noko nær den nye gravstaden, men kjem til å ligge lågare og med god avskjerming til denne.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området til bustadføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge. Det er kort veg til skule og idrettsanlegg i området.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Det er berre midlertidig tilkomstveg til området i dag. Dette må løysast i områdereguleringa. Området er nær idrettsanlegg, barneskule og vidaregåande skule.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserande tiltak

**Samla vurdering:**

Terrenget i området er allereie påverka av store inngrep og det er ikkje venta at utbygging til bustadføremål vil medføre større skade på landskapsforma. Området er nær fylkesvegen, eksisterande byggefelt i Hatledalen, samt idrettsanlegg, barneskule og vidaregåande skule og vil dermed egne seg godt til bustadføremål. Området er noko nær den nye gravstaden, men kjem til å ligge lågare og med god avstand og avskjerming til denne. Næringsarealet i same område ligg lågare enn det nye bustadarealet. Det må tilstrebast naturleg avskjerming mellom dei ulike føremåla i området i områdereguleringa.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å legge deler av øvre Dingemoen ut til bustadføremål, med krav om områderegulering

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## MASSEUTTAK DINGEMOEN

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Masseuttak

Forslagstillar:

Innspel 104

Storleik/omfang:

Eksisterande arealbruk/planstatus:

Fotballbane/idrettsanlegg

Skildring av området:

Området er del av eit breelvdelta 47 moh. Landforma er transformert og prega av masseuttak fleire stader. På same nivå som fotballbana, i sør, ligg Dingemoen barneskule. Aust for tilkomsten til skulen og Øvre Dingemoen ligg fylkesvegen og ovanfor den, ligg Hatledalen bustadområde. Det er bratte sider ned mot eit masseuttak vest for bana, og ned til idrettsanlegget nord for bana. I nordaust er det ein terrassert overgang til eit masseuttak og eit industriareal som grensar til Dale VGS på eit lågare nivå.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje brukt til landbruk, men kan tenkast å vere eigna til matjord.
<b>Naturmangfold</b>	S	-3	Det er ingen kjende registreringar av raudlisteartar eller verdifulle naturtypar i området. Vegetasjonen i skråningane rundt bana er sterkt infiltrert av svartlistearten Parkslirekne – noko som må handsamast særskilt ved uttak og flytting av massar.

			<p>Øvre Dingemoen er registrert som eit kvartærgeologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane i ein utredning for Direktoratet for Naturforvaltning. Dingemoen er ei av dei største breelvasetningane så nær kysten og eit viktig haldepunkt for rekonstruksjon av Yngre Dryas breranda på Vestlandet. Lokaliteten sjåast for å vere av stor regional interesse, og kan ikkje erstattast av andre alternativ (Aa &amp; Sønstergaard, 1994).</p>
<b>Landskap og estetikk</b>	M	-2	<p>Som landskapselement utgjer Øvre Dingemoen ein vesentleg del av dalføret i Dale. Uttak av masser/nedbygging av platået vil vere uopprettelig og endre landskapet sin funksjon og utforming betydeleg.</p> <p>Breelveltaane er viktige landformer for fastsetjing av marin grense, forståing av landhevinga etter siste istid og for tolking av isavsmeltingshistoria. Slike avsettingar utgjer ein viktig del av både naturgrunnlaget og det økonomiske grunnlaget for ein stor del av busetnaden i Sogn og Fjordane, men også fleire stader i Fjaler. Mange av sentra i fjord-og kystkommunane er lokalisert ved glasifluviale og fluviale avsetningars. Ettersom sentra ofte er under press i høve areal og ressursar står desse avsetningane i fare for å bli øydelagde.</p> <p>Deltaterassar i munningen av dalføre er attraktive for jordbruk, grunnvatn, og uttak av sand og grus. Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa &amp; Sønstergaard, 1994).</p>
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	M	-2	<p>Dingemoen ein historisk stad for Dale med ei kjend kulturminneregistrering:</p> <p>Tre gravhaugar frå jarnalderen vart undersøkt og utgravd i 1981. Desse arkeologiske gravminna har status som automatisk freda.</p> <p>Dingemoen har i alle tider vore ein samlingsplass av ulik karakter. Blant anna taleplass, og idrettsplass</p>
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	M	-2	<p>Uttak av sanden der fotballbana ligg i dag vil medføre at bruk av bana til frileik, utegym og friidrett/løpstrenings ikkje lenger vil vere mogleg.</p> <p>Nærmiljøet, og særleg bustadområdet i Hatledalen vil også bli sterkt påverka av utvida masseuttak. Det er venta at aktiviteten i perioder vil medføre støv og støy, samt opplevast av fleire som visuelt stygt.</p>
<b>Barn og unge</b>	M	-2	<p>Eit utvida masseuttak i området vil påverke både barneskulen og den vidaregåande skulen. Dei vil miste eit mykje bruk trenings- og leikeareal og det</p>

			er venta at aktiviteten i perioder vil medføre støv og støy, samt tungtrafikk som vil gje barn og unge meir utrygg skuleveg.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	M	-2	Uttak av masser på Dingemoen vil ikkje endre infrastrukturen i området betydeleg, men tilkomsten til området kjem i konflikt med skule – og turvegar og auka tungtransport under anleggstida vil vere negativt for all ferdsel i området.
<b>Universell utforming</b>			Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	+2	<p>Det er venta at uttak av masser ved Dingemoen vil gje auka arbeid til ein hovudaktør og kanskje i periodar til underleverandørar.</p> <p>Uttak av masser ved Dingemoen vil føre til minska behov for import av sand og grus til byggemateriale og dermed støtte lokal arbeidskraft.</p> <p>Direktoratet for Mineralforvaltning oppfordrer av miljøhensyn til at mest mogleg av råvarer som sand og grus til bygge- og anleggsindustrien vert utvunne lokalt.</p> <p>Norges Geologiske Undersøking klassifiserer førekomensten som meget viktig</p>
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>			Fare for utrasing og konsekvensar for grunnen under Fjalerhallen må utgreiaast ved eit eventuelt masseuttak i området.

#### **Samla vurdering:**

Som landskapselement og historisk stad har Dingemoen stor verdi for Dale. Uttak av masser/nedbygging av platået vil forringe Dale sitt naturlege landskap og føre til utarming av Dale sin identitet. I tillegg er det stor konflikt mellom arealføremåla og brukarane av området. Særlig barn og unge ved skulane vil oppleve negative konsekvensar ved uttak av massar i området.

Området har lokalt stor næringsverdi, men då det er andre masseuttak i Fjaler og Sunnfjord, og ingen unike førekomstar i Dingemoen, så kan lokal leveranse av sand og grus til bygge- og anleggsindustrien oppretthaldast sjølv om ein ikkje tek ut massar i Dale.

Dei negative konsekvensane for lokalsamfunnet, særlig barn og unge, samt omsynet til verdifulle landskap er meir omfattande enn dei positive konsekvensane for næringslivet.

#### **Tilråding:**

Det rådast i frå å gje løyve til utvida masseuttak ved Dingemoen.

#### **Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - NAUST OG KAIHUS

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Andre typar bygg og anlegg, - naust og kaihus

### Forslagstilar:

Arbeidsgruppa

### Storleik /omfang:

1,5.mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Naust og kaihus/Industriføremål

### Skildring av området/tiltaket:

Området er ved sjøen nær sentrum av Dale, mellom Trossefjøra og gamle Hovland og Rakneberg tønnefabrikk. Området inneholder naust, private kaier og brygger og har vore ein stad for båtopptrekk og sjøhus sidan busetting i Dale. Det er få slike naustområder igjen i Dale og det er ynskjeleg å ivareta dette miljøet.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikke nytta til landbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikke inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikke omreguleringa i konflikt med strandsonevernet.
Kulturminne og kulturmiljø	M	+2	Naustmiljøet og bruken av fjæra har røter langt tilbake i tid og føremålsendringa er tilpassa den faktiske bruken vil ivareta den kulturhistoriske verdien av området. Bevaring av dei gamle naustmiljøa i Dale er viktig for forståinga av stadens utvikling og identitet.

<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon, men er viktig for nærmiljøet og Dale sin identitet. Nausta dannar naturlege gløtt og utsyn til fjorden som er viktig for attraktiviteten av området.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendringa kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Føremålsendringa medfører ikkje endringar i infrastrukturen eller offentlege tenester.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Føremålsendringa er ikkje venta å påverke næringsliv eller sysselsetting.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området ligg lågare enn 3 moh og er utsatt for havnivåstigning og stormflo, men grunna føremålets karakter er det ikkje stor fare for personskade eller særlege materielle skader. Naust og kaihus som skal tåle å stå under vatn og som av omsyn til bruken blir lokalisert nær havovreflata, kan plasserast lågare enn 3 moh.

**Samla vurdering:**

Området er allereie bebygd av naust og kaihus og ein ynskjer å ivareta det gamle naustmiljøet og dei naturlege fjærene. Ein anbefaler føremålsendringa til *andre bygg og anlegg* med føresegner og retningslinjer som i størst mogleg grad tek omsyn til bevaring av eksisterande miljø. Det bør ikkje opnast for fortetting eller nybygging i området, og det bør vera mest mogleg allment tilgjengelig.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd føremålsendringa for sjøsida av Dale i aust til *andre bygg og anlegg, - naust og kaihus*, med føresegner og retningslinjer som i størst mogleg grad tek omsyn til bevaring av eksisterande miljø.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG - NAUST OG KAIHUS FALCHFJÆRA

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Andre bygg og anlegg, - naust og kaihus

### Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

### Storleik /omfang:

0,5 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Naustog kaihus/bustadføremål

### Skildring av området/tiltaket:

Området er ved elva som renn ut i Trossefjøra. Det er bustadhus og grøntareal i umiddelbar nærleik. Det har truleg vore naust og båtstø på staden sidan busettinga i Dale. Brua/vegen over elva gjer at det berre er små båtar som kjem inn til nausta i dag. Det er få slike naustområder igjen i Dale og det er ynskjeleg å ivareta dette formålet og miljøet.

Føremålsendringa er for å sikre at nausta ikkje kan bli erstatta av garasjar eller andre uthus i framtida.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikkje omreguleringa i konflikt med strandsonevernet.
Kulturminne og kulturmiljø	M	+2	Naustmiljøet og bruken av fjæra har røter langt tilbake i tid og omregulering tilpassa den faktiske bruken vil ivareta den kulturhistoriske verdien av området.  Bevaring av dei gamle naustmiljøa i Dale er

			viktig for forståinga av stadens utvikling og identitet.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon, men er viktig for nærmiljøet og Dale sin identitet..
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendringa kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Føremålsendringa medfører ikkje endringar i infrastrukturen eller offentlege tenester.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Føremålsendringa er ikkje venta å påverke næringsliv eller sysselsetting.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området ligg lågare enn 3 moh og er utsatt for havnivåstigning og stormflo, men grunna føremålets karakter er det ikkje stor fare for personskade eller særlege materielle skader. Naust og kaihus som skal tåle å stå under vatn og som av omsyn til bruken blir lokalisert nær havovreflata, kan plasserast lågare enn 3 moh

**Samla vurdering:**

Området er allereie bebygd av naust og kaihus og ein ynskjer å ivareta det gamle naustmiljøet og dei naturlege fjærene. Ein anbefaler endring av føremål til *andre bygg og anlegg* med føresegner og retningslinjer som i størst mogleg grad tek omsyn til bevaring av eksisterande miljø. Det bør ikkje opnast for fortetting eller nybygging i området, og det bør vera mest mogleg allment tilgjengelig.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremålet for området til *andre bygg og anlegg, - naust og kaihus*.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG – NAUST, BJERGA NA6

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Andre bygg og anlegg, - naust og kaihus

### Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

### Storleik /omfang:

0,5 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

LNF

### Skildring av området/tiltaket:

Området er vest for båthamna på Bjerga. Området er avsatt til naust i detaljregulering for Bjerga og det er oppført naust i området. Hensikta med føremålsendringa er å vidareføre føremålet vedtatt i detaljregulering, samt oppdatere kommunedelplanen i henhold til faktisk og ynskja bruk.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikke nytta til landbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikke inn i urørt landskap, men det er viktig å ikke trekke naustformålet lengre vest mot Bjergeneset då dette er del av det store og urørte landskapet i området.

<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen funn av kulturminne i området
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er ikke nyttet til friluftsliv eller rekreasjon.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendringa kjem ikke i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Føremålsendringa medfører ikke endringar i infrastrukturen eller offentlege tenester.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Føremålsendringa er ikke venta å påverke næringsliv eller sysselsetting.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området ligg lågare enn 3 moh og er utsatt for havnivåstigning og stormflo, men grunna føremålets karakter er det ikke stor fare for personskade eller særlege materielle skader. Naust og kaihus som skal tåle å stå under vatn og som av omsyn til bruken blir lokalisert nær havovreflata, kan plasserast lågare enn 3 moh

**Samla vurdering:**

Området er allereie bebygd av naust og ein anbefaler endring av føremål til *andre bygg og anlegg* med føresegner og retningslinjer som i størst mogleg grad tek omsyn til bevaring av eksisterande miljø. Det bør ikkje opnast for fortetting eller nybygging i området, og det bør vera mest mogleg allment tilgjengelig.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremålet for området til *andre bygg og anlegg, - naust og kaihus*.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## ANDRE TYPAR BYGG OG ANLEGG – POSTVEGKAIA

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Andre typar bygg og anlegg, - kai

### Forslagstilar:

Arbeidsgruppa

### Storleik /omfang:

0,04.mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Kai/friområde

### Skildring av området/tiltaket:

Føremålsendringa har til hensikt å sikre at postvegkaia vert brukt som, og etterhaldt, kaiføremål.

Steinbrygga er prega av vær og vind – samt at den er delvis øydelagt som kulturminne med ei betongblokk på ytste del. Statens vegvesen ynskjer å sikre og tilbakeføre denne til opphavelig utsjånad og har løyvd 100 000 til tiltaket i 2015.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikkje omreguleringa i konflikt med strandsonevernet.
Kulturminne og kulturmiljø	M	+2	Postvegkaia er eit historisk kulturminne og er ein del av «Den Trondhjemske postveien» mellom Bergen og Trondheim. I frå kaia i Dale gjekk sambandet vidare til Bygstad sjøvegen.

			Det er pålagt ei omsynssone på kaia med hensikt å sikre den for nedbygging eller tiltak som kan redusere kulturminneverdien.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje særleg nytta til friluftsliv eller rekreasjon, men er viktig for nærmiljøet og Dale sin identitet. Framtidig opprusting og informasjon om kaien kan gje auka bruk.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Føremålsendringa medfører ikkje endringar i infrastrukturen eller offentlege tenester.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Føremålsendringa er ikkje venta å påverke næringsliv eller sysselsetting.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området ligg lågare enn 3 moh og er utsatt for havnivåstigning og stormflo, men grunna føremålets karakter er det ikkje stor fare for personskade eller særlege materielle skader. Ein kai må naudsynt ligge ved havoverflata.

**Samla vurdering:**

Kaia er eit viktig kulturhistorisk minne og ein anbefaler føremålsendring til *andre typar bygg og anlegg* med føresegner og retningslinjer som i størst mogleg grad tek omsyn til bevaring av eksisterande miljø. Det bør ikkje opnast for fortetting eller nybygging i området, og det bør vera mest mogleg allment tilgjengelig.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremålet i området til *andre typar bygg og anlegg, - kai*

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING SENTRUM (T1)

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Offentleg og privat tenesteyting

**Forslagstillar:**

Fjaler kommune ved Rådmannen

**Storleik /omfang:**

Om lag 4.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Forretning

**Skildring av området/tiltaket:**

Bø ved krysset mellom fylkesvegen og avkjøyringa til sentrum/kyrkja. Hensikta med føremålsendringa er å sikre tilstrekkeleg areal til utbygging av offentlege tenester som til dømes beredskap.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikke nytta til landbruk.
Naturmangfold	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket er i eit tettbygd/urbant miljø og grip ikke inn i det store landskapet.
Kulturminne og kulturmiljø	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området, men det kan bli naudsynt med arkeologiske undersøkingar.
Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø	L	0	Området er ikke nytta til friluftsliv eller rekreasjon.
Barn og unge	L	0	Føremålsendring av området til offentleg tenesteyting kjem ikke i konflikt med interessene til barn og unge..

<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Samlokalisering av beredskapstenestene vil styrke desse og samfunnstryggleiken i området.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Samlokalisering av beredskapstenestene eller andre offentlege føremål kan føre til auke i sysselsettinga.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Det er ingen kjende konflikter innafor området, men det ligg nær aktsemrådssona for steinsprang, snø- og jordskredfare. Reel fare bør kartleggast nærmere i samband med detaljregulering. Det må takast særskilde trafikkomsyn ved eventuell stasjonering av utrykkingskøyretøy i området.

**Samla vurdering:**

Området er nær sentrum og eksisterande busetnad. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med omsyn til naturmiljø, kulturmiljø eller landskap og vert vurdert til å vere ei berekraftig fortetting av Dale. Området er noko rasutsatt og krev ekstra omsyn og moglegvis sikringstiltak.

**Tilråding:**


Området vert tilrådd avsett til offentleg og privat tenesteyting. Inngår i område med krav om områderegulering

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING ØVRE DINGEMOEN (T2)

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Offentleg og privat tenesteyting

### Forslagstillar:

Arbeidsgruppa og skuleleiing

### Storleik /omfang:

6,5.mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

LNF

### Skildring av området:

Området ligg øvst på Dingemoen sør for Dingemoen barneskule. Hensikta med føremålsendringa er å sikre tilstrekkeleg areal til framtidige utvidingar av skulen og andre offentlege tenester i området.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	-1	Området er nytta til landbruk.
Naturmangfold	M	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området, men terrenget er del av elvedeltaet som vart avsatt ved siste istid. Denne kvartærgeologiske landskapsforma er registrert som eit kvartærgeologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane i ein utredning for Direktoratet for Naturforvaltning og er av stor regional verdi og interesse.

			Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa & Sønstergaard, 1994).
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Landskapet det gjeld er allereie bebygd og det er ikkje venta at omreguleringa eller framtidig utbygging vil medføre stor forringing eller utgraving av terrassen.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon.
<b>Barn og unge</b>	L	+2	Føremålsendring av området til offentleg tenesteyting vil sikre areal til framtidige teneste- og utdanningbehov for barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+2	Infrastrukturen i området er godt utbygd, men det må anleggjast ny tilkomstveg. Føremålsendring av området til offentleg tenesteyting vil sikre areal til framtidige teneste- og utdanningbehov for barn og unge.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Eventuell framtidig utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserande tiltak

**Samla vurdering:**

Det er viktig å sikre tilstrekkelig areal til framtidige behov for utviding av skule, barnehage og andre offentlege tenester for barn og unge. Samlokalisering med eksisterande skulebygg og nær idrettsanlegget er tenleg og berekraftig med tanke på transport av ungane, anlegging av gang- og sykkelvegar, og for eventuell deling av personale. Fordelane ved å avsette denne jordbrukssteigen til offentleg og privat tenesteyting er venta å vere større enn ulempa ved tap av matjord.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å legge deler av øvre Dingemoen ut til offentleg og privat tenesteyting.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## KOMBINERT BYGGE OG ANLEGGSFØREMÅL – VOLLAMYRA (T/B)

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Kombinert bygge- og anleggsføremål: bustader og offentleg og privat tenesteyting

### Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

### Storleik / omfang:

20 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Området er avsett til gravplass, landbruk og bustader.

### Skildring av området/tiltaket:

Området ligg midt i nedre delen av dalen Dale. Aust for området er det ein bratt skråning opp til fylkesvegen. Nordre deler av området grensar til Klokkgården og Kunstgrasbana ved ungdomsskulen og mot ungdomshuset Trudvang, kommunal veg og bustadområde i sør. I vest går ei elv som tidvis flaumar over. Nordlege del av området har kjende problem med høgt grunnvatn i området. Området er dyrka mark i dag og store deler av området vert slått.

Det er tenkt at området kan vere eigna til etablering av omsorgsbustader då det er nær sentrum (særleg med etablering av gangveg via 1000-års staden) og nær ei eventuell etablering av helsetenester og sjukeheim ved Dingemoen.

Alternativt kan området nyttast til privatbustader som ei utviding av eksisterande bustadfelt i vest langs elva.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	-1	Landbruksjord. Problem med høgt grunnvatn.
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	-1	Tiltaket grip ikkje inn i særskild verdifullt landskap, men det er truleg at området grunna høgt grunnvatn må påfyllast massar for å kunne nyttast til utbygging/omsorgsbustader. Dette vil medføre ei endring av det naturgitte landskapet og ei heving av terrenget som vil medføre endra utsyn for naboeigedommane.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytta til friluftsliv. Tiltaket kan ha ein positiv effekt på folkehelsa og dei bustadsosiale tilhøva ettersom bebruarane kjem tett på både sjukeheimen/helsetenenestene og sentrum. Tiltaket kan også ha ein positiv effekt på nærmiljøet ved at ein får ei betre kopling mellom Dingemoen/Steia-området og sentrum. Dette forutset tilrettelegging av gode gangvegar gjennom området, gode internsoner og buffersone mellom ulike typar aktivitet.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Nærleiken til ungdomsskulen sitt uteområde må ivaretakast gjennom vidare planarbeid. Det er viktig med god buffersone mellom uteområdet ved skulen og utbyggingsområdet.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+1	Samlokalisering av helsetenenestene vil effektivisere drifta. Det er venta auka trafikkmengde i krysset til fylkesvegen. Dette medfører behov for utbetringar og alternativ tilkomst må vurderast nærmere i reguleringsplanarbeidet. Området må tilretteleggast med gangvegar som bind området saman med sentrum i nord og Dingemoen/Steia i sør.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.

<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Kan gje auka sysselsetting for lokal næringsliv i utbyggingsfasen.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-1	Flaumutsatt elv i vest der det tidlegare er gjennomført sikringstiltak. Omsynsone for flaum på 20 meter er innarbeidd i plankartet. Flaumfare og eventuelle sikringstiltak må kartleggast nærmare ved regulering av området. Nordre deler av Vollamyra har kjente problem med høgt grunnvatn.

**Samla vurdering:**

Samlokalisering av sjukeheim, omsorgstenester og andre helsetenester vil effektivisere drifta av tenestane. Området er sentrumsnært og ved opparbeiding av gangvegar gjennom området vil det knytte sentrum betre saman med Dingemoen/Steia, og ein vil få etablert ein alternativ skuleveg til den langs fylkesvegen.

**Tilråding:**


Området vert avsett til offentleg og privat tenesteyting med krav om områderegulering.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## KOMBINERT BYGGE OG ANLEGGSFØREMÅL DINGEMOEN (T/F/B)

Kart:



### Framlegg til ny arealbruk:

Kombinert bygge og anleggsføremål: bustad/offentleg og privat tenesteyting/forretning

### Forslagstillar:

Grunneigar/arbeidsgruppa

### Storleik / omfang:

19 mål

### Eksisterande arealbruk/planstatus:

Område er regulert til lett industri, bustadtomt og friområde langs elva.

Det er etablert avkøyrsle og tomta er i opparbeidd i to høgdenivå.

### Skildring av området/tiltaket:

Området vart tilrettelagt og opparbeidd i to nivå med tunellmassar frå Dalsfjordsambandet.

Området vert i dag mellombels nytta som lager og oppstillingsplass.

Grunneigar fekk i 2012 godkjent oppstart av detaljregulering av området, der føremålet var å omregulere frå industri til bustader og næringsareal for forretning, næring og kontor.

Fjaler kommune v/ rådmannen har meldt inn eit mogleg behov for tomt til ny sjukeheim og helsetenester og ynskjer å setje av eit tilstrekkeleg areal til dette i Dale. Området på Dingemoen er svært passande til formålet og lokaliseringa vil bidra til ei heilskapleg og berekraftig utforming av den offentlege tenesteytinga i Dale. Det må takast omsyn til at det ikkje er avgjort om kommunen skal byggje ny sjukeheim og området må difor vere tilgjengelig til andre formål som kan melde seg.

Angitt kombinasjonsføremål bustad/offentleg og privat tenesteyting/forretning ivaretak grunneigars ynskje om å ha arealet tilgjengelig for ulike aktørar som kan bidra til utvikling og

arbeidsplassar i Dale, samstundes som det er mogleg å etablere sjukeheim/helsetenester i området.

Det anbefalast å lage ein samla områderegulering for Dingemoen/Vollamyrane og kommunen må i forkant av, eller i samband med, reguleringsplanen avgjere om dei ynskjer sjukeheim på staden.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Naturmangfald</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området ,mendet er eit vegetasjonsbelte langs elva (regulert til friområde) som børbevarast og inkluderast i vidare arbeid.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	+1	Føremålsendring frå industri til andre føremål vil vere positivt for det visuelle inntrykket av området. Føremålsendringa er i samsvar med samfunnssdelen sine føringar om at industri bør leggjast utanfor sentrum.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Ingen kjende registreringar
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Tiltaket vil ha ein positiv effekt på nærmiljøet då sentrumsføremål inklusiv sjukeheim og andre offentlege/private tenester er meir foreneleg med omkringliggjande miljø enn industriføremål.
<b>Barn og unge</b>	L	+1	Føremålsendring og utbygging av området kan ikkje sjåast å vere i konflikt med interessene til barn og unge.  Ei eventuell samlokalisering av ulike helsetenester som lege, helsesøster og tannlege kan gje betre tilgjengeleight til tenestane for barn og unge då plasseringa ligg i nærleiken av alle dei 3 skulane i Dale.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	M	+1	Utbygging i området er venta å føre til auka trafikkmengde i krysset til fylkesvegen. Det medfører behov for utbetringar og alternativ tilkomst må vurderast nærmare i reguleringsplanarbeidet.  Samlokalisering av helsetenestene vil effektivisere den kommunale drifta.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+2	Kan gje auka sysselsetting for lokalt næringsliv i utbyggingsfasen og moglegheit for nyetableringar.

<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Alternativ tilkomst og eventuelle utbetringstiltak ved krysset til FV 57 må vurderast nærmere i reguleringsplanarbeidet. Omsynsone for flaum på 20 meter er innabreidd i plankartet
--	---	---	---

**Samla vurdering:**

Føremålsendring til kombinerte føremål i området er lite konfliktfylt og kan bidra til utbygging av bustader/arbeidsplasser/offentlege helsetenester. Området er sentrumsnært og har tilkopling til gang og sykkelvegsystemet.

Eventuell samlokalisering av sjukeheim, omsorgstenester og andre helsetenester vil effektivisere drifta av tenestane og gjøre dei lettare tilgjengelige for fleire brukargrupper..

**Tilråding:**


Området vert avsett til kombinerte føremål med krav om områderergulering.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga.

## **SENTRUMSFØREMÅL SENTRUM**

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstilar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

Om lag 37.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

<u>Tomt/bygg:</u>	<u>Bruk:</u>	<u>Planstatus:</u>
Dalsbua:	forretning/overnatting	forretning/bustad
Dalehuset:	kontor/bustad	forretning/bustad/kontor
Allmuen:	bevertning/bustad	forretning/bustad/kontor
Banken:	kontor	forretning/bustad/kontor
Firda billag:	samferdsleanlegg/bustad	offentleg trafikkområde
COOP:	forretning/bustad	forretning
Tunkafeen:	bevertning/bustad	off. bygningar
Post/lensmann	off. tenestytting/bustad	off. tenestytting/bustad
Dale senter:	forretning/overnatting/kontor	forretning
Møbler og utstyr:	forretning/bustad	forretning/bustad
Tekstilfabrikken:	forretning/bustad	forretning/bustad
Solheim AS:	forretning/bustad	forretning/bustad

63/145:	ubygd	industri
63/263:	ubygd	industri
Statoil, 63/148:	forretning/bustad	industri
59/3	grøntareal	off. bygningar

#### Skildring av området/tiltaket:

Sentrumsområdet innehar i dag fleire ulike funksjonar og har i dagens plan mange ugunstige føremål og kombinasjonsføremål. Ein ynskjer å oppdatere kommunedelplanen etter dagens standard og sette eit arealføremål som innehar den fleksibiliteten ein treng i ein tettstad som skal utvikle seg og vere tenesteytande for resten av kommunen. Det er difor føreslege å endre føremål til sentrumsføremål. I dette ligg ei moglegheit til å vidareutvikle og kombinere leiligheter, forretning, tenesteyting, kontor, overnatting, bevertning mm. i sentrum.

Formålsendringa er ikkje til hinder for eksisterande bruk av området då bruken er i samsvar med sentrumsføremål.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og det visuelle uttrykket blir ivaretatt gjennom omsynssoner og føresegner-
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	M	0	Det er ligg lokalhistorisk viktige bygg og stader i sentrumsområdet og desse vert ivareteke med omsynssoner og gjennom kulturminneplanen.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Områda er ikkje nytta til friluftsliv, men delvis til rekreasjon/turgåing. Det er ikkje venta at føremålsendringa vil endre forutsetningane for å ferdast i sentrum. Det er viktig for nærmiljøet og attraktiviteten til sentrum å behalde almenningar og koplingar/stiar mellom fjord og fjell.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området til sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Området har etablerte tilkomstvegar og ligg nær barnehage, skule, helsetenester, butikkar og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Publikumsretta og ålement tilgjengelege funksjonar skal primært lokalisera på gatenivå, og utformast i tråd med gjeldande krav til universell utforming. Forretningar skal ha inngang frå gatenivå.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	+2	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting. Det er og

			potensiale for utvida forretningsdrift eller nyetableringar i området.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Trafikktryggingstiltak vil bli nærmere vurdert i trafikktryggleiksplanen og det skal på sikt utarbeidast eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg i området.

**Samla vurdering:**

Sentrumsføremål opnar for ein fleksibel og behovsretta bruk av området basert på private og offentlege aktørars initiativ. Moglegheita til å kombinere ulike føremål gjev incentiv og betre økonomi til tiltak og aktivitet i området. Dette er i tråd med ynskja utvikling av Dale sentrum jamfør kommuneplanens samfunnsdel

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremål for sentrumsområdet i Dale til sentrumsføremål.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## **SENTRUMSFØREMÅL SENTRUM AUST (SF 4)**

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstillar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

14.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Sjukeheim og omsorgsbustader/offentlege bygg

**Skildring av området/tiltaket:**

Området er i dag bebygd av sjukeheim, omsorgsbustader og helsetenester. Ettersom ein vurderer å byggje ny sjukeheim ein annan stad i Dale lyt ein ta høgde for at det kan komme andre tiltak på sjukeheimsområdet i framtida. Sentrumsføremål er i samsvar med både eksisterande bruk og mogleg utvikling/transformasjon av området arealføremål som innehar den fleksibiliteten ein treng i ein tettstad som skal utvikle seg og vere tenesteytande for resten av kommunen. I dette ligg ei moglegheit til å vidareutvikle eksisterande drift eller etablere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor, overnatting, bevertning mm. i området.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
Landskap og estetikk	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i ubebygde område eller det store landskapet.
Kulturminne og kulturmiljø	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området.

<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Områda er ikkje nytta til friluftsliv, eller rekreasjon, men ligg nær den offentlege badeplassen i Dale.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området til sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Området har etablerte tilkomstvegar og ligg nær barnehage, skule, helsetenester, butikkar og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	+1	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting. Det er og potensiale for utvida forretningsdrift eller nyetableringar i området. Uendra bruk/oppgradering av sjukeheimen er venta å stetta eksisterande sysselsetting.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Tilhøva til mjuke trafikantar må ivaretakast gjennom trafikktryggingsplanen og eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

**Samla vurdering:**

Sentrumsføremål opnar for ein fleksibel og behovsretta bruk av området basert på private og offentlege aktørars initiativ. Korvidt sjukeheimen skal rustas opp eller byggast ny ein annan stad bør avklarast i nær framtid.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremål for sjukeheimsområdet i Dale til sentrumsføremål

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## **SENTRUMSFØREMÅL STRANDSONA SENTRUM (SF3)**

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstillar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

14.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

**BRUK:** Bustadhus, nedlagd skofabrikk, kontor, pub/leilegheiter, fergekai, kontor/tenesteyting/leilegheiter

**FØREMÅL:** Bustad, forretning/industri, forretning/bustad, offentleg trafikkområde, kontor/designsenter/bustad

**Skildring av området/tiltaket:**

Området er langs fjorden i sentrum av Dale. I dette området ynskjer innbyggjarane meir utvikling og aktivitet, samt allmenn tilgang. Det er difor føreslege å endre arealføremåla i området til sentrumsføremål. I dette ligg ei moglegheit til å etablere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor mm. i området. Føremålsendringa er ikkje til hinder for eksisterande drift i området då bruken er i samsvar med sentrumsføremål.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekommstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikkje føremålsendringa i konflikt med

			strandsonevernet. Det er likevel anbefalt å i størst moglegrad å beholde utsikt og allmenn tilgang til fjorden mellom bygga.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Den gamle skofabrikken og skofabrikkhallane har ein viss lokalhistorisk verdi, men ikkje status som kulturminne.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon. Det er viktig for nærmiljøet å behalde utsikt og tilgang til fjorden via kaikanten eller fjæra. Ei eventuell utvikling av området i framtida kan bidra til å auke attraktiviteten og trivselen i nærmiljøet. .
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området til sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+1	Området har etablerte tilkomstvegar og ligg nær barnehage, skule, helsetenester, butikkar og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	+2	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting. Det er og potensiale for utvida forretningsdrift eller nyetableringar i området.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-1	Området er lågare enn 3 moh. og utsatt for havnivåstigning og stormflo. I henhold til føresagnene skal nye bygg plasserast på minimum kote tre og for tiltak plassert lågare enn kote tre skal skadereduserande tiltak iverksettast og dokumenterast. Tilhøva til mjuke trafikantar skal ivaretakast gjennom områderegulering.

**Samla vurdering:**

Strandsona er allereie påverka av store inngrep og det er ikkje venta at omregulering til sentrumsføremål vil medføre større skade på landskapsforma.

Skofabrikkhallane gbnr. 63/119 har lokalhistorisk verdi for Dale, men då det er lite igjen av det opphavelige interiøret og produksjonsutstyret, og bygningsmassen står tom så er verdien som kulturminne ansett til å vere liten. Det er venta at tomta vil ha større verdi for innbyggjarane om det vert utvikla etter behov. Det er flott om bygga kan brukast som dei er, men det vil også vere mogleg å bygge nytt på tomta.

Den gamle skofabrikken gbnr. 63/1 er allereie ombygd og i bruk som kontorlokale for Enoro. Sentrumsføremål opnar for fortsatt bruk til kontor med moglegheit for utvikling av leiligheter eller andre føremål i bygget om det skulle oppstå ynskje om det.

Spesialvaren gbnr 63/25 består av leiligheter og pub/restaurant og bør i framtida også vere mogleg å drive med kombinerte føremål.

Dampskipskaia gbnr 63/50 er utan aktivitet og bør utviklast etter behov med omsyn til allmenn tilgang og utsikt til fjorden.

Fergekaia er ikkje lenger i drift og bør utviklast til allmennyttige føremål, med omsyn til allmenn tilgang og utsikt til fjorden.

Transplant gbnr. 63/220 er i bruk til kontorlokaler/tenesteyting, samt bustad og bør i framtida kunna brukast til tilsvarende føremål eller allmennyttige føremål, med omsyn til allmenn tilgang til strandsona.

Sentrumsføremål opnar for ein fleksibel og behovsretta bruk av området basert på private og offentlege aktørars initiativ. Moglegheita til å kombinere ulike føremål gjev incentiv og betre økonomi til tiltak og aktivitet i området. Dette er i tråd med ynskja utvikling av Dale sentrum jamfør kommuneplanens samfunnssdel

**Tilråding:**


Det vert tilrådd føremålsendring av strandsona i Dale sentrum til sentrumsføremål, med krav om områderegulering som ivaretak tilkomst, gløtt og allmenningar til fjorden.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## **SENTRUMSFØREMÅL TROSSEFJØRA (SF2)**

**Kart:**



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstilar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

5.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Næringsbygg, delvis ubygde/Industriføremål

**Skildring av området/tiltaket:**

Området er ved sjøen nær sentrum av Dale, mellom Trossefjøra og det gamle naustmiljøet.. Hensikta med føremålsendringa er å justere arealføremålet til nærliggande og ynskt utvikling for området. Det er difor føreslege å endre føremål til sentrumsføremål. I dette ligg ei moglegheit til å etablere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor mm. i området.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikke nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikke funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikke sannsyn for at det finst slike førekommstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip ikke inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikke føremålsendringa i konflikt med strandsonevernet.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar i området
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er ikke nytta til friluftsliv eller rekreasjon, men ligg svært nær Trossefjøra - eit offentleg grøntareal. Ei eventuell utvikling av området i framtida kan bidra til

			å auke attraktiviteten og trivselen i nærmiljøet.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendringa av området til sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Området har etablert tilkomstveg og ligg nær barnehage og helsetenester, samt sentrum av Dale med butikkar og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+1	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting. Det er og potensiale for utvida forretningsdrift eller nyetableringar i området.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området er lågare enn 4 moh, men tilbaketrekt frå sjøkanten og det er ikkje venta problematikk med stormflo.

**Samla vurdering:**

Strandsona er allereie påverka av store inngrep og det er ikkje venta at føremålsendring til sentrumsføremål vil medføre større skade på landskapsforma. Området er ikkje særleg stort, men det er venta at området vil få auka attraktivitet om det får utvikle seg etter behov.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremål for sjøsida av Dale i aust til sentrumsføremål.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## **SENTRUMSFØREMÅL STRANDSONA AUST (SF1)**

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstillar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

5.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Trelasthandel/byggevarerforretning og lager - Industriføremål

**Skildring av området/tiltaket:**

Området er ved sjøen nær sentrum av Dale, like ved badevika i aust. Den gamle tønnefabrikken, Hovland og Rakneberg er lokalisert her. Tidlegare var dette eit område med mykje aktivitet Tønneproduksjonen var i drift heilt fram til slutten av 1980-talet. No er dette ein del av Dale som innbyggjarane ynskjer å revitalisere. Ein ynskjer å opne Dale mot sjøen og få utvikling og aktivitet tilbake til strandsona. Det er difor føreslege å endre føremål til sentrumsføremål. I dette ligg ei moglegheit til å etablere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor mm. i området. Føremålsendringa er ikkje til hinder for eksisterande drift i området då forretningsverksemder er i samsvar med sentrumsføremål.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet og ettersom strandlinja allereie er utbygd så kjem ikkje omreguleringa i konflikt med strandsonevernet.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	M	-1	Hovland og Rakneberg tønnefabrikk frå 1921 er av lokalhistorisk verdi i Dale og det er få bygg igjen frå den industrielle tida i

			bygda. Bygningsmassen har setningsskader og det er lite igjen av det opphavelege interiøret og produksjonsutstyret inne i bygningen.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	+1	Området er ikke nytta til friluftsliv eller rekreasjon, men ligg svært nær Badevika - eit offentleg friområde med badeplass. Ei eventuell utvikling av området i framtida kan bidra til å auke attraktiviteten og trivselen i nærmiljøet. .
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendringa av området til sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	+1	Området har etablert tilkomstveg og ligg nær barnehage og helsetenester, samt sentrum av Dale med butikker og øvrige tilbod.
<b>Universell utforming</b>	L	0	Ikkje relevant
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	+2	Utbygging i området er venta å gje midlertidig lokal sysselsetting. Det er også potensiale for utvida forretningsdrift eller nyetableringar i området.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-1	Området er lågare enn 3 moh. og utsatt for havnivågstigning og stormflo. I henhold til føresagnene skal nye bygg plasserast på minimum kote tre og for tiltak plassert lågare enn kote tre skal skadereduserande tiltak iverksettast og dokumenterast. Området er dels innafor aktsemrådssona for skred og steinsprang og reel fare må kartleggast nærmere før ny utbygging.

**Samla vurdering:**

Strandsona er allereie påverka av store inngrep og det er ikkje venta at endring til sentrumsføremål vil medføre større skade på landskapsforma. Fabrikkbygget etter Hovland og Rakneberg har lokalhistorisk verdi for Dale, men då det er lite igjen av det opphavelege interiøret og produksjonsutstyret, og bygningsmassen har setningsskader så vert fabrikken som kulturminne ansett til å vere betydeleg degradert og bygget til å vere uforholdsmessig kostbart å sette i stand. Det er venta at området vil ha større verdi for innbyggjarane om det får utvikle seg etter behov til dømesvis kombinerte handels/tenesteyting/bustadføremål. Området har potensiale til å huse attraktive leilegheiter i sjøkanten.

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å endre føremål for sjøsida av Dale i aust til sentrumsføremål.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## **SENTRUMSFØREMÅL VEVANG**

**Kart:**



**Framlegg til ny arealbruk:**

Sentrumsføremål

**Forslagstillar:**

Arbeidsgruppa

**Storleik /omfang:**

Om lag 6,5.mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Offentlege bygg

**Skildring av området/tiltaket:**

Området husar Vevang som er ei verksemد for yrkeshemma arbeidstakrar som driv med ulik produksjon og tenesteyting. Bygget har også utleigeleilegheiter. Hensikta med føremålsendringa er å oppdatere kommunedelplanen etter dagens standard og sette eit arealføremål som innehar den fleksibiliteten som denne drifta treng. Det er difor føreslege å avsette området til sentrumsføremål. I dette ligg ei moglegheit til å vidareutvikle og kombinere leilegheiter, forretning, tenesteyting, kontor, overnatting, bevertning mm. Føremålsendringa er ikkje til hinder for eksisterande bruk av området då bruken er i samsvar med sentrumsføremål.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
<b>Landbruk</b>	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
<b>Naturmangfold</b>	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekomstar i området.
<b>Landskap og estetikk</b>	L	0	Området er allereie utbygd og tiltaket grip ikkje inn i det store landskapet.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar innafor området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Områda er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Føremålsendring av området til

			sentrumsføremål kjem ikkje i konflikt med interessene til barn og unge.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	Området har etablerte tilkomstvegar og ligg nær sentrum.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	+2	Føremålsendringa er venta å styrke næringsverksemda og utviklingsmoglegheitene for Vevang.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Ingen behov for særskilte omsyn eller risikoreduserande tiltak

**Samla vurdering:**

Sentrumsføremål opnar for ein fleksibel og behovsretta bruk av området basert på private og offentlege aktørars initiativ. Moglegheita til å kombinere ulike føremål gjev incentiv og betre økonomi til tiltak og aktivitet i området. Dette er i tråd med ynskja utvikling av Dale sentrum jamfør kommuneplanens samfunnsdel

**Tilråding:**


Det vert tilrådd å avsette Vevang til sentrumsføremål.

**Arbeidsgruppa sin konklusjon:**

Arbeidsgruppa stettar tilrådinga

## GRAVSTAD ØYRA

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Gravplass

Forslagstillar:

Innspel dok. nr: 30, 31/39, 56, 58/125

Storleik/omfang:

10 mål

Eksisterande arealbruk/planstatus:

Ikkje utbygd/Gravplass og bustadføremål

Skildring av området/tiltaket:

Øyra ligg ved utløpet av Dalselva på vestsida, og er som namnet tilseier ei elveøy. Området er relativt flatt 2,5 moh. Største delen av Øyra er gruslagt medan elvebredden er dekka av vegetasjon typisk for brakkvansdelta. I sør grensar området mot Elvetun barnehage og ei volleyballbane. I vest grensar området til ein veg som skil det frå bustadområde på Dalsøyra. Deler av Øyra er regulert til gravplass og deler til bustadføremål. Det er føreslege å nytte heile det ubygde området til gravplass for framtida.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk
Naturmangfold	M	-2	Området Øyra ligg ved Dalselva og er nyleg utgreidd i samband med landskapsøkologisk analyse av Dale. Analysa viser at Øyra er del av elvedeltaet til Dalselva med både saltvass- og ferskvassfauna. Slike brakkvassdelta er ein sterkt truga naturtype i Norge og eit unikt og svært artsrikt leveområde for både sjeldne og vanlege våtmarksfugl og strandengarter. Elvedeltaet er det landskapsøkologisk mest

			<p>betydningsfulle området i Dale. Sjøfugl og våtmarksfugl finn føde her heile året.</p> <p>Det er anbefalt å re-introduusere stadtypisk fauna der det mangler og nytte Øyra til naturområde.</p> <p>Vassdragsregulering, grøfting, utfylling og oppmuring av kantar, samt spredning av parkslirekne vil medføre ein trugsel mot naturmangfaldet.</p>
<b>Landskap og estetikk</b>	M	-2	<p>Å nytte Øyra til gravplass vil medføre ei påfylling/heving av landskapet på minimum 1,3 meter over dagens nivå. Dette vil medføre vesentleg karakterendring for elvedeltaet og betydeleg endra utsikt frå og til området. Husa og barnehagen i umiddelbar nærleik vil i stor grad miste utsyn og lys. Samstundes vil ein godt opparbeid gravplass kunne vere ei grøn lunge i Dale.</p>
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	<p>Det er ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø i området</p>
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	M	-1	<p>Området er nytta til friluftsliv og rekreasjon av både barn og voksne. Ved elva er det etablert eit offentleg røykeri og på flata er det ei offentleg volleyballbane. Det er planer om å fortsette den sentrumsnære turstien «Elvestien» forbi området langs elva.</p> <p>Volleyballbana og bruken av området til friluftsføremål vil bli sterkt begrensa ved utbygging av gravstad.</p> <p>Området er tett på privatbusetnad og barnehage.</p>
<b>Barn og unge</b>	L	-1	<p>Gravstaden vil vere svært nær barnehagen. Det er usikkert kva effekt/påverknad gravplassen får for barnehagen.</p> <p>Gravferdsforskrifta tilseier at regulert areal til ny gravplass kan og bør omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging.</p>
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	0	<p>Bruk av området til gravstad medfører at gravfølge må nytte eksisterande bru eller det må byggast ei ny (gang)bru over Dalselva. Elles berører ikkje tiltaket</p>

			offentlege tenester.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Tiltaket berører ikkje område avsatt til næring, men kan bidra til lokal sysselsetting i anleggsperioden.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	M	-2	Området ligg lågare enn 3 moh og er utsatt for flaum, stormflo og havnivåstiging. Ved tiltak/utbygging må det utførast sikring mot erosjon.

**Samla vurdering:**

Området ligg flaumutsett til og for å gjere gravplassen i størst grad erosjonssikker, samt imøtekome omsynet til å redusere og unngå naturskade for lokalsamfunnet. så vil landskapsinngrepa vere store og betydelege for nærmiljøet og naturmangfaldet. Tiltaket kjem i konflikt med omsyn til naturmangfold, særskild verdifulle naturtypar og landskap.


Tiltaket medfører og ei uheldig samlokalisering av bustad, barnehage og gravstad. For å få ein tilstrekkeleg stor gravplass må arealet utnyttast godt og det blir truleg ikkje plass til buffersone mot barnehagen utover minimumsanbefalingane.

**Tilråding:**

Det vert ikkje tilrådd å legge gravplass til Øyra, men heller å finne ein meir egna lokalitet som ivaretok omsynet til nærmiljøet og naturmangfaldet betre.

## GRAVSTAD VOLLAMYRA

Kart:



**Framlegg til ny arealbruk:**

Gravlass

**Forslagstillar:**

Innspel dok. nr 19, 120

**Storleik/omfang:**

10 mål

**Eksisterande arealbruk/planstatus:**

Ikkje utbygd/LNF

**Skildring av området/tiltaket:**

Området ligg midt i nedre delen av dalen Dale. Aust for området er det ein bratt skråning opp til fylkesvegen. Nordre deler av området grensar til Klokkgarden og kunstgrasbana ved ungdomsskulen. I vest går ei elv som tidvis flaumar over. Området består av dyrka mark i drift, men der er kjende problem med høgt grunnvatn.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	-1	Landbruksjord i aktiv produksjon. Problem med høgt grunnvatn gjer det lite eigna til dyrkingsjord.
Naturmangfold	L	0	Det er ikkje funne viktige naturtypar eller raudlisteartar i området og det er ikkje sannsyn for at det finst slike førekommstar i området.
Landskap og estetikk	L	-1	Tiltaket grip ikkje inn i særskild verdifullt landskap, men det er truleg at området

			grunna høgt grunnvatn må drenerast og påfyllast massar for å kunne nyttast som gravplass. Dette vil medføre ei endring av det naturgitte landskapet og ei heving av terrenget som vil medføre endra utsyn for naboeigedommane.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende kulturminneregistreringar i området.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	-1	<p>Gravstaden kjem svært nær Klokkgarden og ungdomsskulen si kunstgrasbane. Gravferdsforskrifta tilseier at regulert areal til ny gravplass kan og bør omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging.</p> <p>Området er ikkje nyttta til friluftsliv eller som grøntareal for nærmiljøet, men oppretting av tilkomstveg og parkering for besøkande til gravplassen kan medføre auka trafikk kring ungdomsskulen, Vevang og Klokkgarden.</p>
<b>Barn og unge</b>	L	-2	<p>Gravstaden kjem svært nær ungdomsskulen sitt uteareal.</p> <p>Oppretting av tilkomstveg og parkering for besøkande til gravplassen kan medføre auka trafikk kring ungdomsskulen.</p> <p>Heving av terrenget og oppføring av buffersoner mot Klokkgarden og ungdomsskulen vil endre nærmiljøet for barn og unge.</p> <p>Vollamyra er sjeldan nyttta av barn og unge, med unntak av ein sti som går i ytterkant av området mellom Klokkgarden og Steia. Stien bør ivaretakast og utbetras ved eventuell utbygging av gravplass i området.</p>
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	-2	Området har ikkje eksisterande tilkomstveg eller parkeringsplass (for driftspersonell og besøkande) og dette må truleg løysast i tilknyting til ungdomsskulen og Vevang eller Klokkgarden/Jakob Sande tunet. Auka trafikk i desse områda kjem i konflikt med uteareal for born og unge, eller brukarar/gåande til Klokkgarden/Jakob Sande tunet. Parkering for gravfølge lyt vere ved kyrkjas eksisterande parkeringsplass.

<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Tiltaket berører ikkje område avsatt til næring, men kan bidra til lokal sysselsetting i anleggsperioden.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-2	Området ligg utsatt til for flaum frå elva og høgt grunnvatn.

**Samla vurdering:**


Området har vanskeleg tilkomst og høgt grunnvatn, i tillegg er områda næraast elva flaumutsatte. Tilkomst og parkering er utfordrande og må løysast i samarbeid med naboeigedomane. Trafikk til området bør begrensast og det må finnast ei fellesløysing som ivaretak barn, unge og mjuke trafikantar. For å gjere gravplassen i størst grad flaumsikker så bør ein lage ei buffersona langs elva. For å sleppe problem med høgt grunnvatn må det drenerast og fyllast på masser. Gravplassen kjem svært nær kunstgrasbana til ungdomsskulen og klokkgarden og her må etablerast buffersoner. Samla sett vil desse tiltaka føre til låg utnyttingsgrad av gravplassarealet.

**Tilråding:**

Det vert ikkje tilrådd å legge gravplass til Vollamyra, men heller å finne ein større og meir eigna lokalitet som krev mindre naturinngrep og infrastrukturtiltak.

## GRAVSTAD MOLDBAKKANE

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Gravplass

Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

Storleik/omfang:

5,8 mål

Eksisterande arealbruk/planstatus:

LNF

Skildring av området:

Området ligg i fjellsida 47 moh på vestsida av Dalselva imellom Bjerga og Jarstad. Moldbakkane er ein terasse, residual av eit gammalt breelvdelta. Avsettinga består i hovudsak av grus, sand og silt. Området er fritt for tekniske inngrep og i god avstand til nærmeste busetnad.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	-1	Jordbruksareal som vert slått.
Naturmangfold	M	0	Det er ingen kjende registreringar av raudlisteartar eller verdifulle naturtyper i området.  Anlegging av gravplass på Moldbakkane medfører ikkje nedbygging av landskapsforma og vil ikkje ha konsekvensar for naturmangfaldet.
Landskap og estetikk	M	0	Som landskapselement har Moldbakkane samanheng med Øvre Dingemoen som er eit av dei største breelvdeltaene på kysten av Vestlandet.  Breelvdeltaane er viktige landformer for fastsetjing

			<p>av marin grense, forståing av landhevinga etter siste istid og for tolking av isavsmeltingshistoria. Slike avsetningar utgjer ein viktig del av både naturgrunnlaget og det økonomiske grunnlaget for ein stor del av busetnaden i Sogn og Fjordane, men også fleire stader i Fjaler. Mange av sentra i fjord-og kystkommunane er lokalisert ved glasifluviale og fluviale avsetningar. Ettersom sentra ofte er under press i høve areal og ressursar står desse avsetningane i fare for å bli øydelagde. Deltaterassar i munningen av dalføre er attraktive for jordbruk, grunnvatn, og uttak av sand og grus. Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa &amp; Sønstergaard, 1994).</p> <p>Anlegging av gravplass på Moldbakkane medfører ikkje nedbygging av landskapsforma og vil ikkje ha konsekvensar for landskapet.</p>
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	L	0	Det er ingen kjende registreringar av kulturminne eller kulturmiljø på Moldbakkane
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	L	0	Området er ikkje registrert som eit viktig friluftsområde, men det går stiar i nærleiken og området er nytta til jakt.
<b>Barn og unge</b>	L	0	Tiltaket er ikkje venta å påverke barn og unge direkte, men tilkomst via Bjergelia kan medføre auka trafikk i byggefeltet.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	-1	Gravplass på Moldbakkane er ikkje i gangavstand til kyrkja og det må sikrast tilstrekkeleg parkeringsareal til gravfølge og gravplassens besøkande. Det er ikkje opparbeid anna tilkomst enn ein traktorveg til Moldbakkane i dag og denne vegen vert truleg for bratt til ordinært bruk. Tilkomsten til Moldbakkane må truleg løysast gjennom bustadfeltet Bjergelia.
<b>Universell utforming</b>	L	-1	Det bratte terrenget opp til Moldbakkane gjev utfordringar i høve universell utforming av tilkomstvegen.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	L	0	Det er ikkje etablert næring i området og det er ikkje venta at tiltaket bidreg til varig sysselsetting
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	-2	Området har bratt tilkomst og ligg innafor aktsomhetsområdet for jord og flaumskred, samt aktsomhetsområdet for snøskred.

#### **Samla vurdering:**


Området har vanskeleg tilkomst og infrastrukturtiltaka blir omfattande. Området ligg innafor aktsomhetsområde for snøskred, jord og flaumskred, og må kartleggast nærrare for reel fare før eventuelle tiltak. Området er i underkant av 6 mål og vil ikkje dekke gravplassbehovet i Dale særleg langt fram i tid.

#### **Tilråding:**

Det tilrådast ikkje å legge gravplass på Moldbakkane.

## GRAVSTAD DINGEMOEN

Kart:



Framlegg til ny arealbruk:

Gravplass

Forslagstillar:

Arbeidsgruppa

Storleik/omfang:

15,5 mål

Eksisterande arealbruk/planstatus:

Fotballbane/idrettsanlegg

Skildring av området:

Området er del av eit breelvdelta 47 moh. Landforma er transformert og prega av masseuttak fleire stader. På same nivå som fotballbana, i sør, ligg Dingemoen barneskule. Aust for tilkomsten til skulen og Øvre Dingemoen ligg fylkesvegen og ovanfor den, ligg Hatledalen bustadområde. Det er bratte sider ned mot eit masseuttak vest for bana, og ned til idrettsanlegget nord for bana. I nordaust er det ein terrassert overgang til eit masseuttak og eit industriareal som grensar til Dale VGS på eit lågare nivå.

Det er føreslege å nytte heile grasbana til gravplass, inklusiv parkeringsareal og eit informasjonsområde for gravhaugane. Det er ikkje gode parkeringshøve for Dingemoen barneskule i dag og ei felles parkeiringsløysing for gravplassen og skulen bør utgreiast i detaljreguleringa.

Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad
Landbruk	L	0	Området er ikkje nytta til landbruk.
Naturmangfald	M	0	Det er ingen kjende registreringar av raudlisteartar eller verdifulle naturtyper i området. Vegetasjonen i skrånningane rundt bana er sterkt infiltrert av

			<p>svartlistearten Parkslirekne – noko som må handsamast særskilt ved uttak og flytting av massar.</p> <p>Øvre Dingemoen er registrert som eit kvartærgeologisk verneverdig område i Sogn og Fjordane i ein utredning for Direktoratet for Naturforvaltning. Dingemoen er ei av dei største breelvasetningane så nær kysten og eit viktig haldepunkt for rekonstruksjon av Yngre Dryas breranda på Vestlandet. Lokaliteten sjåast for å vere av stor regional interesse, og kan ikkje erstattast av andre alternativ (Aa &amp; Sønstergaard, 1994).</p> <p>Anlegging av gravplass på Dingemoen medfører ikkje nedbygging av landskapsforma og vil ikkje ha konsekvensar for naturmangfaldet.</p>
<b>Landskap og estetikk</b>	M	0	<p>Som landskapselement utgjer Øvre Dingemoen ein vesentleg del av dalføret i Dale.</p> <p>Breelveltaane er viktige landformer for fastsetjing av marin grense, forståing av landhevinga etter siste istid og for tolking av isavsmeltingshistoria. Slike avsetningar utgjer ein viktig del av både naturgrunnlaget og det økonomiske grunnlaget for ein stor del av busetnaden i Sogn og Fjordane, men også fleire stader i Fjaler. Mange av sentra i fjord-og kystkommunane er lokalisert ved glasifluviale og fluviale avsetningar. Ettersom sentra ofte er under press i høve areal og ressursar står desse avsetningane i fare for å bli øydelagde. Deltaterassar i munningen av dalføre er attraktive for jordbruk, grunnvatn, og uttak av sand og grus. Bakkeplanering og grusdrift/masseuttak er dei mest konfliktfylte inngrepa (Aa &amp; Sønstergaard, 1994).</p> <p>Anlegging av gravplass på Dingemoen medfører ikkje nedbygging av landskapsforma og vil ikkje ha konsekvensar for landskapet. Dingemoen vil fortsatt vere eit grønt areal.</p>
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	M	+1	<p>Dingemoen ein historisk stad for Dale med ei kjend kulturminnergistrering:</p> <p>Tre gravhaugar frå jarnalderen vart undersøkt og utgravd i 1981. Desse arkeologiske gravminna har status som automatisk freda.</p> <p>Gravplass på Dingemoen er forenleg med bevaring og framheving av historia knytta til gravhaugane. Deler av flata på Dingemoen har visuell kontakt med kyrkja og det store landskapet.</p>

			Dingemoen har i alle tider vore ein samlingsplass av ulik karakter. Blant anna taleplass, og idrettsplass.
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	M	-1	Gravstaden kjem noko nær barneskulen sitt uteareal, men her er areal nok til å lage romslige buffersone mot skulen.  Formålsendring til gravplass der fotballbana og løpebana ligg i dag vil medføre at bruk av bana til frileik, utegym og friidrett/løpstrenings ikkje lenger vil vere mogleg.
<b>Barn og unge</b>	M	-1	Anlegging av gravplass på Dingemoen vil medføre at barneskulen mister eit mykje brukt trenings- og leikeareal inntil tilsvarende eller alternativt treningsanlegg er på plass.  Gravferdsforskrifta tilseier at regulert areal til ny gravplass kan og bør omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging.
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	L	-1	Gravplass på Dingemoen er ikkje i gangavstand til kyrkja og det må sikrast tilstrekkeleg parkeringsareal til gravfølge og gravplassens besøkande. Gjerne i fellesskap med parkeringsplass for skulen.
<b>Universell utforming</b>	L	0	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	M	0	Det er ikkje næringsdrift eller næringsformål på staden i dag, men området har lokalt stor næringsverdi som grus og sandførekomst. Då det er andre masseuttak i Fjaler og Sunnfjord, og ingen unike førekomstar i Dingemoen, så kan lokal leveranse av sand og grus til bygge- og anleggsindustrien oppretthaldast sjølv om ein nyttar Dingemoen til gravstad.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	L	0	Området er flatt, lett tilgjengelig og har god avrenning. Det er ikkje venta at gravplass på Dingemoen vil medføre nokon risiko for tiltaket i seg sjølv eller samfunnstryggleiken.

#### **Samla vurdering:**

Som landskapselement og historisk stad har Dingemoen stor verdi for Dale. Kvartærgeologien i området er av regional verdi og førekomsten er unik i sin samanheng. Anlegging av gravplass på Dingemoen kjem ikkje i konflikt med bevaring av landskapet og breelvdeltaet og kan bidra til å framheve historia knytta til gravhaugane på Dingemoen.

Gravstaden kjem noko nær barneskulen i sør, men det er tilstrekkelig areal til å lage ei raus buffersone mot skulen.

For barn og unge og andre som nyttar dagens idrettsplass til trening og rekreasjon vil føremålsendringa medføre eit dårligare tilbod inntil tilsvarande eller alternativt anlegg blir etablert. Det er avsatt erstatningsareal til idrettsanlegg vest for noverande areal, på same nivå og i tilknyting til idrettshallen og kunstgrasbana.

**Tilråding:**

Det tilrådast å legge ny gravplass til Dingemoen.

**Arbeidsgruppa sin samla konklusjon for gravstad:**

Arbeidsgruppa er ikkje samde om gravplasslokalisering, men ei votering med rangert første og andreval gjev fleirtal til Dingemoen.

Dingemoen	Vollamyra	Øyra	Moldbakkane
7	3	5	0

## Samla konsekvensutgreiing

Samla konsekvensutgreiing av ny arealbruk og omsynssoner

Tema	Relevante område	Merknad	Konsekvens
<b>Landbruk</b>	Bustadføremål på Bjerga, Steia og deler av Kirkeåsen Kombinert føremål på Vollamyra	LNF-område som i dag er nytta til slått/dyrefor. Det er lite ledig utbyggingsareal i Dale og ein ser føremålsendringa som naudsynt	Nedbygging av 80.mål landbruksjord Av dette er 45 mål endra frå LNF til byggeføremål i denne planen. 35 mål har vore avsatt til utbygging tidlegare.
<b>Naturmangfold</b>	Dalselva, inklusiv begge sider av elveutløpet er har det rikaste naturmangfaldet i Dale	Elva og elveutløpet er ivaretatt med føremål for grøntareal og ei bevaringssone for naturlandskap. Det er elles ingen konfliktar med nye utbyggingsareal og naturmangfaldet.	Styrka fokus og bevaring av naturmangfaldet langs Dalselva
<b>Landskap og estetikk</b>	Alle nye utbyggingsområde Det store landskapet Øvre Dingemoen	Del av kulturlandskapet på Yksnebjør er ivaretatt med ei omsynssone. Kulturlandskapet i dei nye bustadareaala på Bjerga og Steia vil dels bli bevart gjennom vilkår om tunstruktur. Vilkår om terrengr tilpassing og estetikk ivaretakast gjennom føreseggnene. Verneverdig kvartærgeologisk førekommst på Dingemoen blir ivaretatt gjennom omsynssone for landskap Det er ikkje lagt opp til utbygging i urørt strandsone.	Styrka fokus og bevaring av viktig landskap og terreng
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	Eksisterande og nye utbyggingsområde	Kjende kulturmiljø er ivaretatt gjennom omsynssoner og dei generelle føreseggnene. Ein del tiltak må tilpassast eksisterande kulturminne og	Styrka omsyn og vern av kulturminne og kulturmiljø

		kulturmiljø. Det er ingen kjende kulturminne i nye utbyggingsområde	
<b>Friluftsliv, folkehelse og nærmiljø</b>	Nye utbyggingsområde Føremålsendring på Dingemoen Grøntareal i Trossefjøra, på Øyra og langs Dalselva	Idrettsbana på Dingemoen blir endra til gravstad, men blir erstattat av anna areal . Det er ellers ingen kjende konflikter med friluftsliv og folkehelseomsyn i planen	Mogleg reduksjon av utandørs idrettsanlegg. Fleire grøntareal både i og nær sentrum
<b>Barn og unge</b>	Nye bustadareal Føremålsendring på Dingemoen Grøntareal i Bekkedalen, Trossefjøra, på Øyra og langs Dalselva	Det er tilrettelagt for nye gode bustadareal med relativt kort veg til barnehage, skule og fritidstilbod Idrettsbana på Dingemoen blir endra til gravstad, men blir erstattat av anna areal . Grøntareal i Bekkedalen, Trossefjøra, på Øyra og langs Dalselva	Gode oppveksttilhøve Mogleg reduksjon av utandørs idrettsanlegg. Fleire grøntareal til tur og frileik både i og nær sentrum
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	Veg og trafikkareal Areal til offentleg og privat tenesteyting	Tilhøva til gåande og syklande i sentrum skal ivaretakast gjennom områderegulering Det er satt av tilstrekkelig areal til offentleg tenesteyting	Styrka infrastruktur og offentlege tenester
<b>Universell utforming</b>	Gjeld område til offentleg og privat tenesteyting, gravstad, forretningar og allmenningar i sentrum	For bygg og anlegg som er tilgjengelege for ålmenta og/eller har publikumsretta funksjonar skal det tilstrebast universell utforming i samsvar med krava i TEK10.	Styrka tilgjenge for fleire brukarar til ulike tenester og område i Dale.
<b>Næringsutvikling og sysselsetting</b>	Areal til sentrumsføremål, kombinert bygg og anlegg , samt areal til næringsbygg	Eksisterande verksemder er ivaretatt gjennom tilpassa føremål og det er lagt til rette for utvikling av ulik næring i sentrum gjennom sentrumsføremål. Større areal til nye initiativ er avsatt på	Styrka potensiale for næringsutvikling og aktivitet i sentrum og den tenande sona i dalen

		nedre Dingemoen, men må avklarast gjennom områderegulering	
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	Faresone for flaum langs Dalselva, Hatledalselva, og mindre bekker i sentrum og Yksnebjør Faresone for skred og ras i fjellsidene og skråningar, særlig for Yksnebjør, Sentrum og Hatledalen Fare for stormflo og havnivåstigning i strandsona	Farene vert redusert gjennom krav om kartlegging og regulering før utbygging. Forhold avdekt gjennom ROS-analysa er gitt særskilte føresegner..	Redusert utbyggingsareal som følge av faresonekartlegging

### **Samla vurdering:**

Planen er i liten grad i konflikt med overordna omsyn. Den nye kommunedelplanen har til hensikt å styrke omsyna til naturmangfold, landskap og kulturmiljø for å ivareta verdiane og særpreget ved Dale. Gjennom ivaretaking og framheving av miljøet og dei identitetsberande trekka i Dale vert attraktiviteten og næringsgrunnlaget for staden styrka.

Kommunedelplanen legg opp til utvikling og transformasjon av strandsona og sentrum, samt ei tenande sone i dalen og gode grøne korridorar og allmenningar frå fjord til fjell.